

Høyringsvar frå:	Oppsummering	Fylkesrådmannen sine vurderingar
<p><b>1.</b> <b>Askøy kommune</b></p>	<p>Askøy kommune ser utkast til Regional plan for folkehelse 2014-25 som eit godt grunnlag for folkehelsearbeid i regionen og i kommunane i Hordaland. Planen, gjennom å byggje på mange områda i Folkehelsemeldinga (2012), bidrar til fokus på det systematiske, langsiktige og tverrsektorielle folkearbeidet. Positivt at planen har særleg fokus på barn og unge, på det helsefremjande arbeidet og på befolkningsstrategiar.</p> <p>Høyringsinstansen har desse innspela:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Planforankring:</b> Eit godt folkehelsearbeid krev ei tverrfagleg og koordinert tilnærming. Ei god helsefremjande samfunnsplanlegging må forankrast i heile det kommunale planhierarkiet. Det bør understrekast sterkare i planen at gjennom å forankre folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel, kan ein sikre folkehelse i tematiske kommunedelplanar og tema- og sektorplanar. Planar, strategiar, tiltak og delmål i folkehelsearbeidet i kommunane må vere høgt forankra i det kommunale planhierarkiet. Askøy kommune viser til eige arbeid med å forankre folkehelsearbeidet i samfunnsdelen til kommuneplanen og vil seinare gjere det same med arealdelen.</li> <li>• <b>Organisering av folkehelsearbeidet/økonomisk tilskot.</b> Positivt med signal om vidareføring av partnerskap for folkehelse med sterkare forankring regionalt og lokalt. Kommunen peikar på at det er viktig med økonomiske tilskot frå Hordaland fylkeskommune og at tilskot er avgjerande for eit godt lokalt folkehelsearbeid. Askøy kommune er bekymra for at tilskotsordninga til folkehelsearbeid til kommunane kan bli endra etter frå 2017 ved at budsjettpost til folkehelseiltak i kommunane ikkje vert vidareført.</li> </ul>	<p>Verdien av høg forankring både gjennom leiing og planhierarki er teke inn tydelegare i tema 1 og i handlingsprogram om organisering. Forankring i planhierarki er omtala i tema 1 og i planretningsline 1.1.</p> <p>Innspelet om fylkeskommunale tilskot som avgjerande for lokalt folkehelsearbeid er teke til etterretning. Framtidig partnerskap for folkehelse bør vurdere om ordninga bør fortsette etter 2017, og det blir eit spørsmål i framtidige budsjett- og økonomiplanar.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Organisering av folkehelsearbeidet/partnerskapsmodell.</b> Askøy kommune viser til at det i handlingsprogrammet er lagt vekt på at partnerskapsarbeidet i hovudsak skal understøtte kommunale behov. Kommunane treng erfaringsnettverk som kan bidra til å styrkje det langsiktige, systematiske og tverrsektorielle arbeidet. Det vert viktig at partnerskapet blir relevant og viktig for kommunane gjennom faglege innspel og diskusjonar, og eit godt «verktøy» for kommunane ser eigen verdi i å delta i.</li> <li>• Det er for utydeleg i handlingsprogrammet kva for nokre frivillige aktørar det er snakk om skal delta i partnerskap for folkehelse. Høyringsinstansen viser til at på Askøy er det registrert 320 frivillige lag og organisasjonar. Desse vil no få felles organisering under lokalt kulturråd, og vil på denne måten utgjere ein større ressurs og sentral medspelar i folkehelsearbeidet.</li> <li>• Askøy kommune peikar på at når Regional plan for folkehelse legg vekt på befolkningsretta tiltak, så er det naudsynt å knyte dette saman med primærførebyggingsomgrepet. Askøy kommune viser til at helse vert skapt på dei arenaene folk lever og verkar. Ei tydeleggjering av dette vil auke forståing på kva arenaer som er viktige i folkehelsearbeidet, og kvar lokale og regionale tiltak har størst verknad.</li> <li>• Eldre. Høyringsinstansen viser til at levealderen aukar og at det er viktig med helsefremjande og førebyggjande tiltak retta mot eldre. Eldrerådet i Askøy kommune etterlyser ein regionalfolkehelsestrategi med tanke på at dei eldre skal fungere optimalt fysisk og intellektuelt. Eldrerådet meiner at ein slik strategi må innarbeidast i eit av dei fem temaområda i planen.</li> <li>• Kosthald. Utval for oppvekst og levekår i Askøy kommune etterlyser eit fokus på kosthald i den nye regionale planen. Kosthald bør ha ein sterkare og meir tydelegare plass i planen då</li> </ul>	<p>Høyringsinnspellet vert eit innspel til framtidig partnerskap for folkehelse. Dette er omtala i tema 1.</p> <p>Ny styringsgruppe for partnerskapen må delta i arbeidet med å utvikle innhald og avtaler. I dette arbeidet må også frivillig sektor si rolle og deltaking inngå.</p> <p>Arenaer i folkehelsearbeidet er utdjupa meir under avsnitt om vegval og mål. Val av temaområde er gjort ut i frå arenaer i kvardagslivet til folk.</p> <p>Planen legg stor vekt på universelle tiltak. Det er ikkje teke inn tiltak direkte retta mot eldre, men det er fleire stader teke inn formulering om «for alle aldrar» for å understreke at det og gjeld eldre. Spørsmål om tiltak for eldre må og takast opp av det framtidige partnerskap for folkehelse, og eventuelt konkretiserast i nye rulleringar av handlingsprogrammet.</p> <p>Planen har ikkje eigne mål som gjeld kosthald, men to ulike strategiar som handlar om dette under tema 3 og tema 4. Strategi 3 C lyder « <i>Alle barnehagar og skular skal vere gode arenaer for haldningskapande</i></p>
--	---	---

	<p>kunnskap og haldning til riktig kosthold må etablerast i tidlege år.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Handlingsprogrammet: Askøy kommune meiner handlingsprogrammet er eit godt grunnlag for eit regionalt og lokalt førebyggjande og helsefremjande arbeid.</li> </ul>	<p><i>arbeid og sunne helseval</i>». Tiltak her i regi av fylkeskommunen eller i samarbeid med fylkeskommunen er: 3.2.3 (Helsefremjande skule i VGS), 3.2.4 (sunne matvaner i skular/skulekantiner) og 3.2.6 (Fiskesprell - kunnskap om ernæring/fisk og helse) og sunne matvaner i skular/skulekantiner og som råd/ forslag til kommunane. Strategi 4 E: «<i>Leggje til rette strukturelle tiltak for sunne val på arbeidsplassen</i>» utforderar arbeidsgjeverar å leggje til rette for sunn mat i bedriftskantiner. Nye tiltak på området må vurderast ved revisjon av handlingsprogrammet.</p>
<p><b>2</b> <b>Bergen kommune</b></p>	<p>Bergen kommune har gitt ei administrativ høringsuttale.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei viser til at Noreg gav i mai 2012 støtte til WHO om å redusere prematur dødelegheit av ikkje-smittsame sjukdomar med 25% innan 2025. Å redusere disse sjukdomane vil hovudsakleg dreie seg om å påverke livsstil i befolkninga, dvs kosthald, fysisk aktivitet og bruk av tobakk. Dei meiner det ville vore naturleg å omtale korleis kommunane kan bidra til å nå dette målet, først og fremst gjennom befolkningsretta tiltak. Ifølge Folkehelsemeldinga har helsetenesta fleire oppgåver innan folkehelsearbeidet; helseovervaking, vere helsefagleg premissleverandør til andre kommunale eininga, førebygging og helseopplysning. Planen kunne med fordel ha ein breiare omtale av rolla til helsetestesta på desse områda.</li> <li>• Helseovervaking (oversyn over helsetilstand og forhold som påverkar helsa) er et sentralt punkt i Lov om folkehelse, og denne kunnskapen skal danne grunnlag for arbeid i kommunane med folkehelse. Dei etterlyser at planen er meir tydleg på kva rolle fylkeskommunen skal ha i dette arbeidet, og korleis arbeidet med helseovervaking skal utviklast saman med</li> </ul>	<p>Planen tek i stor grad utgangspunkt i at det er andre sektorar enn helsetenesta som har verkemidlar for å påverke levekår og samfunnsmessige forhold. Helsetenesta har først og fremst ei rolle i helseovervaking og vere ein fagleg rådgivar for andre sektorar. Dette er lagt inn i Aktørar og ansvar for folkehelsearbeidet. Helseopplysning som går ut til einskildpersonar, fell utanfor denne planen. Tekst i innleiande del om faktorar som påverkar helse, er tydeleggjort meir. Dei nasjonale måla for folkehelsearbeidet er og teke inn i innleiinga.</p> <p>I tematekst 1 er tekst om helseovervaking justert. Det er lagt inn ei eiga strategi som 1 C Tilgjengeleg kunnskap. Fylkeskommunen si rolle og korleis arbeidet med helseovervaking skal skje, vil vere eit sentralt oppfølgingsarbeid til planen. Under Aktørar og ansvar i folkehelsearbeidet er tekst justert.</p>

	kommunane.	
<p><b>3.</b> <b>Bømlo kommune</b></p>	<p>Bømlo kommune vurderer planen som eit godt grunnlag for å jobbe med regionalt og lokalt folkehelsearbeid, men valde delmål og strategiar kunne vært meir konkrete.</p> <p>Kommunen har følgjande merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreslår at fylkeskommunen vurderer å ha med ei vurdering om konsekvensar for folkehelse i sine saksførelegg.</li>   <li>• Høyringsinstansen meiner at det er viktig med tilgjenge og bruk av leikeområde knytt til t.d. skule og barnehage. Gjer framlegg om at dette bør takast med i strategi 2A.</li>   <li>• Bømlo kommune rår til at ein vurderer fleire tiltak som omhandlar meir utradisjonelle utdanningsløp og tiltak, som t.d. sikrar at det er eit alternativ til dei som ikkje fullfører til normert tid. Tilrår at t.d. nokre plassar kvart år blir øyremerkte til elevar i vidaregåande opplæring som har mista retten grunna alder.</li>   <li>• Ønskjer meir fokus på ufrivillig deltid konkretisert i forslag til tiltak.</li> </ul>	<p>Under tekstdel temaområde 1 er det vist til vedtak i fylkestinget 12. 12. 2012 om at omsynet til folkehelse skal vere synleg i alle planar. Dette er teke inn som strategi 1 F og i planretningslinje 1.1. For plansaker er det innarbeidd at ein vurderer konsekvensar for folkehelse. Fylkeskommunen har p.t. ingen mal som omfattar kva tema som skal vurderast i saksførelegg. Dersom dette vert innført bør dette vurderast.</p> <p>Innspelet er ikkje teke inn i strategi 2A. Ny strategi 2 H) handlar om leikeområde til skular og barnehagar og lyder: «<i>Leggje til rette for gode møteplassar og aktivitet ved utforming av område til bustader, skular og barnehagar, offentlege bygg og offentlege rom</i>». Tilgjenge er teke inn i planretningslinje 2.5. Ny formulering er «<i>Skular og barnehagar må ha uteområde og grøntareal som fremjar tilgjenge og aktivitet (sosial og fysisk) hos barn og unge. Tilkomsten må sikrast gjennom trygg gang og sykkeltransport</i>».</p> <p>Delmål 3.4 - tek opp i seg arbeidet med å auke gjennomføring i VGS. Høyringsinstansen tek opp spørsmålet om tiltak for utradisjonelle utdanningsløp, tiltak som er alternativ til dei som ikkje fullfører på normert tid, og øyremerking av plassar for elevar som har mista retten på grunn av alder. Auka læringsutbytte og fullføring er høgt prioritert i styringsdokumenta til Opplæringsavdelinga HFK . Nye tiltak må takast opp ved revisjon av handlingsprogrammet.</p> <p>Ufrivillig deltid er i tekstdelen i tema 4 omtala som viktig for å sikre folk ei løn å leve av og dermed betre sosiale kår. HFK har sett i gang eige arbeid med å redusere ufrivillig deltid i eigen organisasjon</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meiner det er viktig å utvikle gode samarbeidsformar mellom kommune, fylkeskommune og frivillige lag og organisasjonar. Det kan gjerast på begge nivå med faste møtepunkt og t.d. dialogmøter.</li> <li>• Det blir i tekstdelen etterlyst konkrete tiltak knytt til samarbeid med frivillig sektor. Nemner fylkeskommunens tiltak; open hall, ikkje er nemnt som strategi under 5C og er eit tiltak som blir nytta i Bømlo kommune.</li> </ul> <p>Bømlo kommune peikar på at det i handlingsprogrammet ikkje alltid er klart korleis ein har tenkt å nå mål gjennom tiltak og strategiar.</p> <p>Foreslår at regionalt planverk med handlingsprogram skal ha som målsetting å gje fleire gode leveår og utjamne sosiale skilnader.</p>	<p>Spørsmålet om gode samarbeidsformer er viktig og vil bli prioritert i arbeidet med å utvikle det nye partnerskapet som skal etablerast frå våren 2014.</p> <p>Det er teke inn at gratisprinsippet er viktig generelt for å sikre sosial utjamning.</p> <p>Gjennomføring av mål, strategiar og tiltak vil bli utforma som del av partnerskapsarbeidet. I rullering av handlingsprogrammet vil dette bli tydelegare.</p> <p>Folkehelseplanen vil leggje føringar for andre regionale planar og for rullering av regionale planar. Dette er omtala i Verknader av planen i starten av dokumentet</p>
<p><b>4.</b> <b>Stord kommune</b></p>	<p>Stord kommune finn planutkastet som eit nyttig dokument for det regionale og lokale folkehelsearbeidet:</p> <p>Merknader og kommentar med framlegg til endringar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Finn at planen sine mål og fokusområde samsvarar med dei viktigaste utfordringane innan folkehelse.</li> <li>• Vil støtte framlegg til struktur for partnerskapet, og planar for tilskotsordninga. Det er viktig at privat næringsliv, frivillige organisasjonar og NAV er representerte i styringsgruppa. Tilskotsordninga bør vera framtidsretta og minst mogleg basert på søknad til tiltak. Den må vere føreseieleg.</li> <li>• Viktig at satsingsområda er tilpassa lokale utfordringar og ressursar. Styrking av kunnskapsgrunnlaget med fleire og betre indikatorar bør difor prioriterast, og det bør leggjast meir vekt på å synleggjere ressursane i regionen.</li> <li>• Er einige i at levekår og strukturelle årsakssamanhengar er</li> </ul>	<p>Representantar frå privat næringsliv, frivillige organisasjonar og NAV i styringsgruppa vil bli vurdert i samband med oppretting av partnerskapen.</p> <p>Innspelet om tilskotsordninga vert teke med i det vidare arbeidet i partnerskap for folkehelse.</p> <p>Tek innspelet med i utviklinga av oversiktsarbeidet knytt til delmål 1.2.</p> <p>Grunngjevinga for val av befolkningsretta strategiar er utdjupa i</p>

	<p>viktige innsatsområde. Den største utfordringa for folkehelse er truleg dei aukande sosiale helseskilnadane. Erfaring viser at befolkningsretta strategiar i mange tilfelle forsterkar desse skilnadane. Dette kunne vore meir tydeleg i delmål og strategiar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å vere i jobb er ein av dei viktigaste faktorane for god helse. Stord kommune vil peike på at næringslivet og private verksemder og er viktige aktørar i folkehelsearbeidet gjennom støtte til frivillige organisasjonar, tilrettelegging av møteplassar, og etablering av identitet og tryggleik i lokalsamfunnet. Privat sektor bør inkluderas i planen sine strategiar.</li> <li>• Medverknad er ein viktig faktor i folkehelsearbeidet. Stord kommune har erfaring med at reell medverknad er vanskeleg å få til i praksis. Her kan både plan og handlingsprogram vere tydelegare og meir konkret.</li> <li>• Dei nye planretningslinjer er eit nyttig og godt verktøy for meir helsefremjande samfunnsplanlegging.</li> <li>• Stord kommune vil peike på at tiltak, råd og forslag i handlingsprogrammet i stor grad er generelle, noko som gjer det uklart korleis ein skal gå fram for å nå måla. Det bør vere meir konkrete og meir eintydige formuleringar.</li> <li>• Folkehelselova gjev alle sektorar ansvar for å fremje god folkehelse. Regional plan for folkehelse må difor vere like tilgjengeleg for dei ulike sektorane og fagområda. Folkehelse er eit vidt omgrep utan eintydig forståing og det er viktig at framlegg til tiltak er så konkrete som mulig.</li> <li>• Handlingsprogrammet er avgrensa ved at tiltak som er nemnde i andre regionale planer ikkje er tatt med. Dette er uheldig, då det er vanskelig for ulike aktørar å ha oversikt, og viktige tiltak kan bli oversett. Handlingsprogrammet for folkehelse bør ha som mål å vere retningsgjevande for kva andre planar skal prioritere når det gjeld folkehelseiltak. Det er då naudsynt at alle sentrale tiltak knytt til dei ulike delmåla er presentert i planen.</li> <li>• Det rusmiddelførebyggande arbeidet er ein naturleg og integrert del av folkehelsearbeidet, og må ha ein tydeleg profil i den regionale folkehelseplanen</li> </ul>	<p>planutkastet under avsnittet om Vegval og mål</p> <p>Næringslivet som folkehelseaktør er omtala meir i revidert plan under tema 2 og 3 og 5. Det er også teke inn næringslivet si rolle i Aktørar og ansvar.</p> <p>Verdien av medverknad er løfta meir fram i plandokumentet, m.a. ved å leggje til eit eiga avsnitt under tema 1 og å utforme ein eiga strategi om medverknad i folkehelsearbeidet.</p> <p>Planen legg opp til at det skal etablerast eit nytt partnerskap. Dette partnerskapet skal konkretisere ytterlegare tiltak, som vert innarbeidd i seinare rulleringar av handlingsprogrammet</p> <p>Innspelet blir teke til etterretning</p> <p>Det vert teke sikte på at seinare rulleringar av handlingsprogrammet har eit oversyn over folkehelserelaterte tiltak i andre planar.</p> <p>Innspelet må vurderast av nytt partnerskap for folkehelse i seinare rulleringar av handlingsprogrammet.</p>
--	--	--

	<p>Kommentarar til planframlegget: Innleiinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverknad som sjølvstendig kjelde til betre folkehelse bør gjerast meir tydelig.</li> <li>• Ta med at identitet og sosial deltaking er sentralt i folkehelsearbeidet. Følgjande formulering kan vere eit mål «Frivillige organisasjonar utfører nødvendige samfunnsoppgåver, og er ein tilgjengeleg arena for meningsfull deltaking for personar utanfor arbeidslivet».</li> <li>• Private verksemder gjer ein betydeleg innsats for folkehelsa. Private verksemder bør stå som ein aktør i folkehelsearbeidet.</li> </ul> <p>Utviklingstrekk og helsetilstand:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Få meir fram kva positive helseressursar som kjenneteiknar regionen. Dette kan gje grunnlag for tiltak som kan styrke desse ressursane.</li> <li>• Dokumenterte utfordringar for barn og unge si helse bør tydelegare fram.</li> <li>• Sosioøkonomisk status og sosiale skilnader som bakgrunn for helserisiko kan ha større fokus, då dette er viktig for val av tiltak.</li> </ul> <p>Tema 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig å få tydelegare fram verdien å leggje til rette for grupper som ikkje vanlegvis medverknad.</li> <li>• Få fram tydelegare at folkehelse skal vere eit grunnleggjande og gjennomgåande perspektiv i den ordinære samfunnsplanlegginga. Folkehelseperspektivet alltid er relevant i samband med planretningslinene.</li> <li>• Alle kommunar og tettstadar bør ha ein strategi for at det skal vere tilrettelagte friluftsområde som dei fleste kan bruke.</li> </ul> <p>Tema 2:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettstad-, område- og trafikktvikling må inkludere vurdering av</li> </ul>	<p>Sjå kommentar om medverknad ovanfor.</p> <p>Tek innspelet til etterretning.</p> <p>Tek innspelet til etterretning-</p> <p>Det skal utarbeidast eit oversynsdokument over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Positive helseressursar, utfordringar for barn og unge og sosioøkonomisk status og sosiale skilnader vil få ein sentral plass her. Tekst er justert i Utviklingstrekk for Hordaland. Se delmål 2.2. om gode friluftsområder for alle</p> <p>Fokus på utfordringar i oppvekst er teke inn i utviklingstrekk og helsetilstand, m.a. knytt til ulukker.</p> <p>Dette er innarbeidd i tekst om Utviklingstrekk og helsetilstand, samt i Vegval og mål</p> <p>Det er utarbeida eit nytt avsnitt under tema 1 om medverknad.</p> <p>Det er utarbeida fleire planretningsliner for folkehelse, sjå tema 1. Helsefremjande samfunnsplanlegging er og sett opp som eit gjennomgåande perspektiv, jf. tema 1.</p> <p>Dette er teke inn som framlegg til strategi 2 E og 2G.</p> <p>Det er innarbeid i tekst under tema 2.</p>
--	--	--

	<p>verknader for helse og trivsel. Me meiner at faktorar som innbyggjarane sjølv opplever som viktige for trivselen skal vektleggjast. Utbygging må ta omsyn til lokal identitet, og ha som mål å styrke både gamle og nye innbyggjarar si tilhøyrse til området.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• For å auke tal på gåande og syklande, må det gjerast meir attraktivt å sykle. Saknar strategiar her.</li> <li>•</li> <li>• God tilrettelegging for eit meir aktivt og deltakande liv kan skje gjennom å etablere attraktive og trygge gang- og sykkelveggar.</li> <li>• Sentrale helsefremjande faktorar er identitet og tilhøyrse. Dette bør nemnast som ein overordna kvalitet for lokalmiljøa. Bustad handlar meir om å ha dei rette bustadane enn om «mange nok». Det bør kome fram at også bustader for eldre, inkl sjukeheimar skal lokalisrast og utformast for eit aktivt liv og glede for fleire enn dei som bur der.</li> <li>• Det er vanskeleg å definere gode uteareal, men det er viktig at dei stimulerer til aktivitet. Naturområder er spesielt viktige både for motorisk utvikling, kreativitet og eigenorganisert aktivitet. Området bør vere tilgjengelig for nærmiljøet ettermiddag og helg.</li> </ul> <p>Tema 3</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er viktig å sjå arenaer som familie, skule, barnehage og fritid i samanheng og skape felles haldningar for å redusere sosiale helseskilnader.</li> <li>• For å auke mestring bør alle skular og barnehagar ha tiltak som fremjar gode haldningar, empati og inkluderande fellesskap.</li> <li>• Skulen har eit ansvar for å leggje til rette for at elevar engasjerer seg og medverkar i lokal samfunnsutvikling.</li> <li>• Tilsette i SFO skal ha kunnskap om korleis ein fremmer helse.</li> </ul>	<p>Teke inn som ny strategi 2 C «<i>Bidra til ein offentleg infrastruktur som gjer at fleire kan velje sykkel, gange og kollektivtransport framfor personbil</i>» Dette er innarbeidd i tema 2, som nytt delmål i tema 3 og i framlegg om å utvikle mobilitetsplanar i handlingsprogrammet under Råd og forslag i tema 4.</p> <p>Momenta teke inn i tekst tema 2 og 5.</p> <p>Tekst om tilrettelegging for alle aldrar er teke inn i tekst i tema 2.</p> <p>Tekst i tema 2 er justert.</p> <p>Dette ligg i tema 3, sjå delmål 3.3.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning.</p> <p>Det er lite kunnskap om SFO som arena for helsefremjande arbeid. Pilotprosjekt - tiltak 2.1.3, i samarbeid med HiB, handlar om å styrkje</p>
--	--	--



	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eit delmål bør være at studieretningane barne- og ungdomsarbeid og helsefag har fysisk aktivitet og kosthald som sentrale fagområde.</li> <li>Forslag til strategiar: «Offentlege tenester, private verksemder og frivillige organisasjonar skal ha felles verdiar og haldningar i møte med barn og unge». «Utarbeide gode alternative ordningar for dei som ikkje fullfører vidaregåande skule på normert tid». «Legge til rette for reell medverknad for barn og unge».</li> </ul> <p>Tema 4</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Peikar på at lokale arbeidsplassar har verdi for folkehelse generelt. Arbeidsplassar bidrar til stabilitet, identitet og tryggleik, fungerer som møteplassar og stimulerer til aktivitet.</li> <li>Må styrkje arbeidslivet si rolle som helsefremjande samfunnsaktør ved ein strategi der arbeidslivet er representert i folkehelsearbeidet.</li> </ul> <p>Tema 5</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Studiar viser aukande sosial skilnad i deltaking i frivillige organisasjonar og kulturtilbod. For å motverke dette er det truleg nødvendig med sterkare offentlig involvering. Det er viktig å leggje til rette for fysisk aktivitet og kulturopplevingar/-aktivitetar med låg terskel i kvardagen.</li> <li>Forslag til nytt delmål: Etablere tenester som gir individuell</li> </ul>	<p>kunnskap om nærmiljøkvalitetar og SFO som arena i det helsefremjande arbeidet. Prosjektet skal evaluerast.</p> <p>Innhald i læreplanar er ikkje vurdert i folkehelseplanen. I tillegg kan likevel nemnast tiltak 3.2.6 «Fiskesprell» som skal auke kunnskap om kosthald i barne- og ungdomsarbeidarfaget VGS.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning, sjå ovanfor</p> <p>Dette er ikkje teke med. Delmål 3.4 - tek opp i seg arbeidet med å auke gjennomføring i VGS. Høyringsinstansen tek opp spørsmålet om tiltak for utradisjonelle utdanningsløp, tiltak som er alternativ til dei som ikkje fullfører på normert tid, og øymerking av plassar for elevar som har mista retten på grunn av alder. Auka læringsutbytte og fullføring er prioritet 1 i styringsdokumenta til Opplæringsavdelinga HFK og innspelet vert sendt hit. Nye tiltak må takast opp ved revisjon av handlingsprogrammet.</p> <p>Tekst om medverknad er utvida, jf ovanfor</p> <p>Dette er innarbeidd i tekst i tema 4 og i Aktørar og ansvar.</p> <p>Arbeidslivet si rolle for helsefremjande arbeidsplassar er innarbeidd i tema 4. Delmål 4.3 heiter: Auka deltaking gjennom meir satsing på helsefremjande arbeidsplassar.</p> <p><i>Delmål 5.1 legg stor vekt på dette; Inkludere fleire i og rekruttere breiare til frivillig organisasjonsarbeid. Det er og utforma råd knytt til lågterskelaktivitet. Delmål 5.2: Fysisk aktivitet kvar dag. Tematekst er og justert.</i></p> <p>Tenester som gjer individuell støtte er vurdert til å falle utanfor ramma til</p>
--	--	---

	støtte og rettleiing for deltaking i fritidsaktivitetar.	folkehelseplanen.
<p><b>5.</b> <b>Voss kommune</b></p>	<p>Voss kommune er positiv til Regional plan for folkehelse, og til at det er lagt vekt på befolkningsstrategiar. Trekkjer også fram universell utforming som viktig.</p> <p>Høyringsinstansen kjem ikkje med direkte framlegg til endringar i mål, strategiar og tiltak. Høyringsinstansen peikar likevel på mange punkt som er omtala i planen og kommunen vurderer som viktige.</p> <p>Tema 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Seier seg einig i viktigheita av frivillig sektor, nærmiljø og lokalsamfunn for å leggje til rette for deltaking og medverknad. Peikar på at det er viktig å ta vare på det særleine hjå ulike partar for å få til eit godt samarbeid.</li> <li>• Trekkjer fram at det er viktig med kunnskap om utfordringane og tiltak som verkar i folkehelsearbeidet. Det er behov for meir samhandling mellom aktørar på ulike nivå og meir kompetanseheving.</li> </ul> <p>Tema 2.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legg vekt på trygg persontransport i høve planlegging i lokalsamfunna. Framhevar verdien av at tilkomst til skular og barnehagar er trygg og innbyr til aktiv transport.</li> <li>• Høyringsinstansen tek opp utvikling av nye bustadområde, og peikar på at det er viktig at ein vurderer verdien på helse og trivsel ved planlegging.</li> </ul> <p>Tema 3 og 4.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Understrekar at det er viktig med godt utbygd skulehelseteneste. Tek opp at helsestasjon- og skulehelsetenester i lag med</li> </ul>	<p>I samarbeidet mellom aktørane i folkehelsearbeidet er det særleg gjennom det vidare arbeidet i partnerskapet at roller og ansvar må bli tydeleg for å få resultat i arbeidet. Delmål 1.1 heiter: «<i>Samhandling skal fremje medverknad og god oppgåveløysing</i>» vurderer fylkeskommunen som kritisk suksessfaktor for å lukkast betre i folkehelsearbeidet. Sjå og tema 5</p> <p>Dette er innarbeidd i delmål 1.1 Samhandling skal fremje medverknad og god oppgåveløysing , og delmål 1.2 Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert.</p> <p>Trygg persontransport ligg i delmål 2.4: Færre skadar og ulykker.</p> <p>Planretningslinjene skal sikre helse og trivsel ved planlegging, samt utvikling av bustadområde og skular med meir.</p> <p>Delmål 3.3 tek opp at «<i>Det skal vere koordinert innsats og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med levekåra til barn og unge gjennom heile utdanningsløpet</i>». Helsestasjon- og skulehelsetenester er viktige</p>

	<p>barnehage og skule må vere særleg opptekne av grupper med spesielle behov. Voss kommune framhevar verdien av tidleg innsats og førebygging som særst viktige moment i høve oppvekst.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trekkjer fram fråfallet i organisert idrett i ungdomsåra og at stadig fleire fell frå i kroppsøving er risikofaktorar for helse.</li> <li>• Tek opp at mange tilsette i skular og barnehagar ikkje har høg kompetanse og peiker på at både kommunar og fylkeskommune har eit ansvar her.</li> <li>• Framhevar verdien av å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring.</li> <li>• Trekkjer fram arbeidsmiljølova som sentralt rammeverk og at inkluderande arbeidsliv er viktig i høve sosial utjamning.</li> </ul> <p>Tema 5.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er opptatt av at frivillig sektor må bidra på eigne premisser i folkehelsearbeidet og at eit samarbeid med lag og organisasjonar er viktig for å nå måla i planen.</li> <li>• Tek opp kor viktig det er for gode levevanar seinare i livet og å etablere desse tidleg.</li> <li>• Legg vekt på bruk av natur, kultur og friluftsliv som verkemiddel og ønskjer å integrere minoritetsgrupper i dei aktivitetane som finnes.</li> </ul>	<p>aktørar her.</p> <p>Innspelet blir teke med til nytt partnerskap for folkehelse.</p> <p>Under tekstdelen til tema 3 -er det teke med at kompetansen til dei som arbeider med barn og unge er viktig for kvalitet og læring i skule og barnehage.</p> <p>Fråfall i vidaregåande opplæring er eit sentralt tema. Det blir arbeid mykje med problemstillinga, jf. tema 3 og 4, og fylkesrådmannen har ikkje no innarbeidd nye tiltak. Dette må vurderast i det vidare oppfølgingsarbeidet, og etter at ein har evaluert eksisterande tiltak.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning. Arbeidsmiljølova er nemnt i tematekst under tema 4</p> <p>Tekst under tema 5 i høyringsframlegget nemner dette.</p> <p>Tekst under Vegval og mål i høyringsframlegget nemner dette.</p> <p>Sjå tema 5. Innspelet blir teke med til nytt partnerskap for folkehelse.</p>
<p><b>6.</b> <b>Hardangerrådet</b></p>	<p>Hardangerrådet har ingen merknader til dei tema, strategiar, tiltak og ansvar som er lista opp i planen.</p> <p>Hardangerrådet har følgjande merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunane/herada i Hardanger og Voss etablerer nettverk for</li> </ul>	<p>I handlingsprogrammet under emne Organisering av det regionale</p>

	<p>å stabilisera folkehelsearbeidet som ei viktig tverrsektoriell teneste for den enkelte kommune og regionen. Ønskjer at fylkeskommunen i arbeidet med sin folkehelseplan samarbeider med Folkehelsenettverket i Hardanger og Voss.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bra at fylket gjennom partnerskap for folkehelse tek tak i samarbeidet med kommunane. Viktig at ein tenkjer nytt slik at samarbeidet som erfaringsmessig ikkje heilt svarar til forventingane i høve støtte, innspel og kompetansehevande bidrag vert betre.</li> <li>• Fylkeskommunen vert oppmoda til å leggje til rette for sterkare samarbeid for å implementere folkehelsearbeidet i kommunane. Det må setjast av ressursar til arbeidet og få temaet på dagsorden på alle nivå i kommunane.</li> <li>• Dersom fylket skal lukkast i å laga forpliktande avtaler for å bidra til å gje retning for arbeidet i Hordaland som region, må det setjast inn ressursar til gjennomføring.</li> <li>• Bra at det vert understreka av folkehelsearbeidet er sektorovergripande.</li> </ul>	<p>folkehelsearbeidet, er modell og struktur på den regionale satsinga framover omtala. Fleire av innspela frå Hardangerrådet støtter opp under framlegget til ny satsing.</p> <p>Eit delmål i planen er 1.1 «<i>Samhandling som skal fremje medverknad og god oppgåveløysing</i>».</p> <p>Fylkesrådmannen merker seg at høyringsinstansen ønskjer nytenking rundt den vidare satsinga på folkehelsearbeid, meir samarbeid og meir «drahjelp» til å implementere folkehelsearbeidet i kommunane.</p> <p>Innspela vert tekne til etterretning og vil bli teke med i arbeidet både med utvikling av Partnerskapen og fylkeskommunen sitt vidare samarbeid med kommunane.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning</p>
<p><b>7. Samarbeidsrådet for Sunnhordland</b></p>	<p>Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner Regional plan for folkehelse er eit godt grunnlag for å jobbe vidare med regionalt og lokalt folkehelsearbeid.</p> <p>Høyringsinstansen kjem med følgjande kommentarar og innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rår til at planen må verte meir tydeleg på korleis ein konkret skal nå dei måla som er sett i planen.</li> <li>• Under tema 3 bør det inn tiltak i høve fråfall i vidaregåande skule. Av tiltak må det vurderast eit alternativ for dei som ikkje gjennomfører på normert tid. Eit samarbeid med næringslivet kan vere eit tiltak.</li> </ul>	<p>Gjennomføring av mål, strategiar og tiltak vil bli utforma som del av partnerskapsarbeidet.</p> <p>Høyringsinstansen tek opp spørsmålet om tiltak for auka gjennomføring av vidaregåande skule. Delmål 3.4 tek opp i seg arbeidet med å redusere fråfall. Det same gjer delmål 4.1 som har som mål å betre overgangen mellom vidaregåande opplæring og arbeid. I strategi 4 A er samarbeidet</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Under tema 4 bør det inn eit tiltak for å redusere ufrivillig deltid (løn og leve av og betre sosiale kår).</li> <li>• Ein må sjå planen i samanheng med vedtaket i fylkesutvalet om reduksjon i tilskot til folkehelsekoordinatorar frå 2014, då dette er eit svært viktig tiltak for arbeidet med folkehelse i kommunane som er med i ordninga. Syner til brev om dette til Hordland fylkeskommune.</li> <li>• I organisering av arbeidet med folkehelse bør næringslivet sterkare inn enn det kjem fram i planen.</li> </ul>	<p>med næringslivet teke opp. Spørsmålet om tiltak som alternativ til dei som ikkje gjennomfører på normert tid er lite omtala i planen. Dette er eit svært samfunnsaktuelt spørsmål i tråd med den pågåande offentlege diskusjonen. Spørsmålet om nye tiltak på området bør innarbeidast i handlingsplanen ved revisjon</p> <p>Ufrivillig deltid er i tekstdelen i tema 4 omtala som viktig for å sikre folk ei løn å leve av og dermed betre sosiale kår. HFK har sett i gang eige arbeid med å redusere ufrivillig deltid i eigen organisasjon</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>At både privat næringsliv og offentlig sektor har felles ansvar for å skape eit helsefremjande arbeidsliv . Næringslivet har også eit breiare samfunnsansvar, dette er omtala breiare under tema 4 og 5, samt i Aktørar og ansvar</p>
--	--	---

<p><b>8. Bergen og Hordaland turlag</b></p>	<p>Bergen og Hordaland Turlag seier at partnerskapsavtalen er eit viktig utgangspunkt for dei for å byggje opp ein såpass stor folkehelsesatsing som dei driv. HKF si oppseiing av partnerskapsavtala hausten 2013 var eit overraskande grep. Ser no gjennom planen ei moglegheit til å utvide og styrkje samarbeidet.</p> <p>Generelle innspel til høringsutkastet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkeskommunen sitt folkehelseansvar etter § 20 tek ikkje opp at fylkeskommunen skal vere pådrivar og samordnar for folkehelsearbeidet i fylket. Dette gjeld ikkje berre kommunar, men næringsliv, frivillig sektor og befolkninga generelt i fylket. Det kjem ikkje fram at fylkeskommunen har ansvar etter § 21 om å skaffe fram relevante opplysningar om helsetilstand og påverknadsfaktorar.</li> <li>• Friluftsliv må inn i titteloverskrifter der Kultur og idrett står no.</li> <li>• Langsiktig og føreseieleg samarbeid er sentralt og dette gjeld også finansiering som bør ha kontinuitet på minst tre år. Ønskjer forpliktande handlingsplan med auka finansiering knytt til partnerskapet.</li> <li>• Mindre byråkratisering ved å forenkle og effektivisere tilskotsordningar til frivillige lag og organisasjonar med mindre krav til rapportering.</li> <li>• Ønskjer forankring i «Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv - en satsing på friluftsliv i hverdagen 2014-2020». Folkehelseplanen bør reflektere intensjonane i den nasjonale strategien som er relevant på fylkesnivå knytt til at kommunar og fylkeskommunar skal ha oversikt over kunnskap om positive påverknadsfaktorar</li> </ul>	<p>Folkehelseansvaret til fylkeskommunen etter §§ 20 og 21 er gjort tydelegare i planteksten under aktørar og ansvar</p> <p>Delmål 1.2 og strategi 1 C har tiltak for å sikre at fylkeskommunen i varetek ansvaret i oversiktsarbeidet etter § 21.</p> <p>Det er inga titteloverskrifter i planutkastet for regional plan folkehelse om kultur og idrett.</p> <p>Fleire høringsinstansar tek opp spørsmålet om ressursar, også økonomiske ressursar, for å sikre god gjennomføring av folkehelsesatsinga i Hordaland som region. Økonomiske rammer må takast opp i dei årlege budsjetta. Ramme for kontinuitet i finansiering vil bli ein del av drøftinga i det framtidige partnerskapet.</p> <p>Tek innspelet til etterretning. HFK må følgje retningslinjer for søknadsprosess og rapportering som gjeld forvaltning av offentlege midlar. Rutinar for søknadsbehandling, samarbeid og rapportering vert vurderte for å sjå om desse rutinane kan gjerast enklare. Dette er ikkje eit naturleg tiltak i handlingsprogrammet.</p> <p>Planen styrkjer perspektivet på friluftsliv. Det er utforma eit nytt delmål 2.2. Gode friluftsområder for alle</p>
---	--	---

	<p>på folkehelse. Viser til den nasjonale friluftslivstrategien om å styrke dei positive effektane friluftsliv har på helse., der data om friluftslivrelaterte tiltak og data bør inn i folkehelseprofilane i kommunar og fylker. Høyringsinstansen nemner også formuleringane i tiltak 5.1.1 «utarbeide oversyn over organisasjonslivet på regionalt nivå og deira bidrag i folkehelseretta arbeid»</p> <p>Temavise innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 1: Frivillige organisasjonar har også ei viktig rolle å spele som verdiformidlar av verdiar knytt til å gjere noko for fellesskapet. Frivillige organisasjonar representerer også viktige ressursar som kompetanse, gjennomføringsevne, kulturskapar og berar og er i tillegg ei arena for sjølvutvikling og læring.</li> <li>• Tema 2: Det bør gå ut ei oppmoding til kommunane om å gjennomføre ei kartlegging og ei verdsetting av sine friluftslivareal for å legge til rette for gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga. Ei regional plan for folkehelse bør gi støtte til kommunane for ei heilskapleg planlegging for friluftslivareal. Peiker på at det manglar ofte eit tilstrekkeleg og einskapleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere verdien av ulike friluftslivsområder, noko som kan resultere i at viktige områder blir bygd ned eller ikkje blir godt nok ivaretatt.</li> <li>• Tema 3: Påpeiker at naturen er ein perfekt arena for å lære, både fagbasert kunnskap og realkompetanse og mestring.</li> <li>• Tema 5: Betring og styrking av frivillig sektor må prioriterast over tid. Samhandling må bort frå ad hoc-form. Forvaltninga må i større grad legge til rette på det frivillig sine premisser.</li> </ul> <p>Handlingsprogram:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein meir forpliktande handlingsplan kunne til dømes vore knytt</li> </ul>	<p>Innspelet til arbeidet med oversyn over helsetilstand, også om ressursfaktorar. Sjå under strategi 1 C: Bruke tilgjengeleg kunnskap og utvikle ny kunnskap om utviklingstrekk, helsetilstand og effektive tiltak.</p> <p>Det er i planen valt å omtale frivillig sektor under tema 5, mens samhandling med kommunane er teke inn under tema 1. Dette er ein planteknisk oppdeling. Frivillige lag og organisasjonar har ein viktig rolle i det heilskaplege arbeidet som ligg under tema 1 og i partnerskapen som er omtala i handlingsprogrammet. Innspel om formidling av verdiar er innarbeidd i tekst i tema 5 som at frivillig sektor er viktig for demokrati og meningsdanning.</p> <p>Teke med som strategi ny 2 F: «Gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i alle kommunar i Hordaland».</p> <p>Innspelet er teke til etterretning.</p> <p>Innspelet er innarbeidd i tekstdel tema 5. Tek dette til etterretning i det vidare arbeidet med partnerskap for folkehelse.</p> <p>Plan- og bygningslova krev samanheng mellom budsjett og planar. Regionale planar vil gje føringar for det årlege budsjettarbeidet, og handlingsprogrammet må byggje på dei økonomiske rammene som vert</p>
--	---	---

	<p>mot fylkeskommunens budsjett- og økonomiplan.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjer framlegg om at tiltak 5.1.4. bør ha ein ordlyd slik at det går fram at ein med samarbeidsavtalar tenkjer på "partnarskapsavtalar", slik folkehelselova fremjar kor det blir lagt vekt på at det skal være likeverd, klare avtaler og tydelige, gjensidige forventningar og forpliktingar og at samarbeidet bør forankrast i eit eller fleire felles mål.</li> <li>• Bergen og Hordaland Turlag peikar på at fylkeskommunen som samfunnsutviklar må samarbeide med ulike aktørar og sektorar, samt ta leiarskap for å få til eit heilskapsgrep om utviklinga i fylket.</li> <li>• Innspel til delmål 3.3. Valfaget «Friluftsliv og helse» har kompetansemål knytt til friluftsliv, kosthold og helse. Foreslår tilleggsformulering under 3.2.5. Fylkeskommunen skal arbeide for meir fysisk aktivitet, herunder friluftaktivitetar og alternative treningsformer som tradisjonelle lagidrettar og individuelle idretts- og treningsaktivitetar, i samsvar med nasjonale tilrådingar og kompetansemål satt for vidaregåande opplæring/ skule".</li> </ul>	<p>sett av i budsjettet.</p> <p>Framtidig partnarskap for folkehelse skal vurdere innhald i nye partnarskapsavtalar, og innspelet blir derfor teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Jf punkt ovanfor.</p> <p>Bergen og Hordaland Turlag kjem med framlegg om ei meir omfattande formulering tiltak 3.2.5. I dag står det « <i>Ein skal arbeide for fysisk aktivitet i vidaregåande opplæring/skule i tråd med nasjonale tilrådingar</i>». Det er etter fylkesrådmannen si rolle naturleg å halde seg til nasjonale tilrådingar.</p>
<p>9) Björgvin bispedømeråd / Den Norske kyrkja</p>	<p>Björgvin bispedømeråd meiner planen er god. Positivt at planen er konkret, har tydelege satsingsområde og har med råd og forslag om korleis dei ulike temaområda kan realiserast.</p> <p>Høyringsinstansen kjem med følgjande innspel og forslag til nytt delmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planen bør opne opp for å ivareta dei åndelege behova til innbygarane. Ei slik vektlegging vil bidra til ei kjensle av samanheng, identitet og mening. Å kome innbygarane sine åndeleg behov i møte vil verke førebyggjande og helsebringande – særskilt for den psykiske helsa. Det er vist til at det er</li> </ul>	<p>Omtale av livssynsorganisasjonar og andre meiningsberande organisasjonar i frivillig arbeid er lagt inn i tekstdelen i tema 5.</p>



	<p>kommunehelsetenesta sitt ansvar å bidra til å sikre pasientar tilrettelegging og bistand for å kunne utøve trua si og livssynet sitt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt delmål 5.4 og tiltak. «Auka samarbeid med Den norske kyrkja og trus- og livssynsamfunna i regionen for å utvikle eit heilskapleg helse- og omsorgstilbod der den enkelte sine åndelige behov blir ivarettatt». Tiltak: Utvikle samarbeidsprosjekt mellom helseføretaka, kommunehelsetenesta, Den norske kyrkja og trus- og livssynsamfunna i regionen for å sikre pasientar tilrettelegging og bistand for å utøve si tru og sitt livssyn. Ansvar: HFK, kommunar, Bjørgvin bispedømme og tros- og livssynsamfunna i regionen.</li> <li>• Om organisering av folkehelsearbeidet. Støttar modellen med partnerskap og styringsgruppe. Høyringsinstansen saknar representantar frå Den norske kyrkja og trus- og livssynsamfunna. Bjørgvin bispedømme stiller seg til disposisjon og bidrar gjerne inn i dette arbeidet.</li> </ul>	<p>Høyringsinnspelet om ei breiare tilnærming i folkehelsearbeidet er interessant. Det er likevel ikkje forslaget til nytt delmål med i planen no. Vurderer dette som eit innsatsområde for kommunehelsetenesta, og derfor utanfor folkehelseplanen sitt målområde.</p> <p>Representasjon frå Den norske kyrkja og trus- og livssynsamfunna i partnerskap/styringsgruppe vil bli teke opp i samband med ny etablering av dette arbeidet.</p>
<p><b>10. Folkehelseinstitutt</b></p>	<p>Folkehelseinstituttet er generelt positiv til planen og meiner Hordaland fylkeskommune med denne planen kjem til å leggje eit godt grunnlag for folkehelsearbeidet i både fylket og i kommunane i åra som kjem.</p> <p>Høyringsinstansen peikar også på at omtale av sentrale offentlege meldingar og dokument og sentrale omgrep er presenterte på ein kortfatta, systematisk og oversiktleg måte. Omtalen av aktørane i folkehelsearbeidet er god.</p> <p>Folkehelseinstituttet gjev også ei vurdering av valet av ein befolkningsstrategi som ramme for Regional plan for folkehelse. «I planens første del blir det gjort rede for skillet mellom høyrisikostrategier og befolkningsrettede strategier. Det hevdes at tiltak rettet mot de som allerede har forhøyet risiko ikke vil bidra til å redusere</p>	<p>Det som positivt at Folkehelseinstituttet diskuterer val av overordna strategi for planarbeidet og konkluderer med at befolkningsstrategi er eit godt grep i planarbeidet. Delar av innhaldet er lagt inn i planteksten.</p>

	<p><i>rekrutteringen til denne gruppen. På denne bakgrunn velger man å legge vekt på befolkningsrettede tiltak. En kunne føyet til at den sterke vekten en i dag legger på evidensbasert tiltak lett fører til at en velger tiltak rettet mot individer med forhøyet risiko (indikative tiltak). De tiltakene som rettes mot hele befolkningen eller store grupper av befolkningen er vanskeligere å evaluere. Dei mener likevel at dette er et fornuftig valg. I det lange løp er det sannsynligvis de befolkningsrettede tiltakene som vil ha mest å bety».</i></p> <p>Høyringsinstansen kjem med følgjande forslag til endringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I definisjonen av helse (s 4) bør det også komme fram at helse kan sjåast som ein positiv ressurs og at psykisk helse bør nemnast eksplisitt. Det bør også nemnast at trivsel er ein sentral del av folkehelsearbeidet. Ordet trivsel vert brukt seinare i plandokumentata.</li> <li>• Under «Definisjonar og prinsipp» (s. 4) blir det ikkje nemnt risikofaktorar, positive helsefaktorar, vernefaktorar og sårbarheitsfaktorar. Desse omgrepa er heller ikkje nemnde under «Faktorar som verkar innpå helsa» (side 9). Desse omgrepa er viktige å kjenne til for alle som er engasjerte i helsefremjande og sjukdomsførebyggjande arbeid. Om planen skal ha ein «skulerande effekt» mellom anna på dei som arbeider med førebyggjande arbeid i fylket og i kommunar, bør desse omgrepa gjerast kort greie for.</li> <li>• Under Tema 3 blir det sagt at grunnlaget for god helse og gode levevaner blir lagt tidleg i livet og at ulikskap som oppstår i barndomen ofte vert forsterka seinare. Kanskje kunne ein her også teke inn at også grunnlaget for god psykisk helse seinare vert lagt i barndom – og ungdomsperioden.</li> <li>• Viser til at planen tek opp under utfordringsbildet for Hordaland at fylket sannsynlegvis ikkje skil seg så mykje på landsgjennomsnittet på helseindikatorar. Sannsynlegvis står vestlandsfylka, ikkje minst Hordaland, overfor store utfordringar</li> </ul>	<p>Andre høyringsinstansar peikar også på at definisjonen av helse bør bli breiare. Dette er følgt opp i planutkastet ved at definisjonen i folkehelselova er lagt inn.</p> <p>Innspelet frå høyringsinstansen er innarbeid i avsnitt om Vegval og mål.</p> <p>Innspelet om at grunnlaget for god psykisk helse seinare i livet vert lagt i barn - og i ungdomsperioden er innarbeidd i teksten under tema 3.</p> <p>Oversynsdokument for helsetilstand skal gå meir i detalj om helseutfordringar. Innspelet om auka fare for ras er teke inn i</p>
--	---	--

	<p>i arbeidet med å førebyggje trafikkuulykker. Klimaendringar kan gje meir ekstremvær som kan gje større risiko for ras på utsette strekningar. Hordaland er dessutan eit fylke med eit stort tal på tunnelar og mange tunnelar bør sikrast betre. Kanskje trengst arbeidet med å førebyggje trafikkuulykker å bli framheva sterkare.</p>	<p>planutkastet.</p>
<p><b>11. Friluftsrådet Vest</b></p>	<p>Friluftsrådet Vest foreslår å ta inn fleire offentlege utgreiingar om friluftsliv og nasjonale føringar i planen for å få fram samanhengen mellom folkehelse, friluftsliv og fysisk aktivitet.</p> <p>Høyringsinstansen har følgjande merknader og innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er glade for at det er lagt opp til gode medverknadsprosessar i det vidare arbeidet med planen og at det er teke med ei formulering om at kommunale og regionale råd skal vere med å sikre att alle blir «høyrde».</li> <li>• Under Aktørar og ansvar (side 6). Her bør det skrivast inn ei formulering om at «det offentlege» har eit særskilt ansvar for å støtte opp om frivillige organisasjonar for å setje organisasjonane i stand til å utføre folkehelsearbeid.</li> <li>• Om utviklingstrekk i Hordaland foreslår dei at det gjørast eit grundigare arbeid for å finne ut av om det er særskilte utfordringar knytt til klimaets påverknad på folks levevaner og om dette påverkar folkehelsa.</li> <li>• Tema 1: Under delmål 1.4. er det teke med punkter om krav til universell utforming av sentrumsområder, bygningar og kollektiv transport. Må få inn ein formulering om universell tilgjenge til friluftsområde og naturopplevingar. Høyringsinstansen finn ingenting om universell utforming av friluftsområder. Meiner at det bør være eit sentralt punkt i handlingsplanen å sikre alle tilgang til egna friluftsområder i nærmiljøa. Universell tilgjenge til friluftsområde</li> </ul>	<p>Under nasjonale føringar tidleg i planen er berre nokre overordna sentrale dokument knytt til folkehelse tekne med. Grunngevinga for dette at tekstdelen ikkje skal bli for omfattande. Det er også mange ulike utgreiingar på viktige samfunnsområde som kunne vore teke med i ei slik brei plan. Offentlege utgreiinga om friluftsliv og nasjonale føringar er teke inn som referansar i planen.</p> <p>Tek innspelet til etterretning knytt til det vidare arbeidet.</p> <p>Folkehelseansvaret til fylkeskommunen etter §§ 20 og 21 er gjort tydelegare i planteksten under aktørar og ansvar.</p> <p>Teksten er utvida med nokre moment knytt til klima, særleg utfordringar knytt til auka fare for ras.</p> <p>Universell tilgjenge av friluftsområde og naturopplevingar er teke inn planen som nytt delmål 2.2 <i>Gode friluftsområder for alle</i>, og med tilhøyrande strategiar</p> <p>I planretningslinje 1.2 står det «Kommuneplanens arealdel skal ha føresegnar om universell utforming.»</p>

	<p>og naturopplevingar bør også inn i planretningslinene.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 2: Det bør leggjast vekt på å legge til rette for nærtuområder til alle eksisterande og planlagde bustadområde/byggjefelt. Byggjefelta bør utformast med tanke på å skape attraktive møtestader for befolkninga i nærmiljøet for enkelt å kome seg ut på tur utan bil. Sykkel- og turveggar bør bli ein naturleg del av infrastrukturen i alle bustadområder. Det er positivt at i planretningslinje punkt 2.7 er teke med at det skal leggjast til rette for at det vert opparbeidd turstiar i nærmiljøet innan 500 meter frå bustaden.</li> <li>• Tema 3. Det offentlege bør ta ansvar for at alle elevene får delta på ein god fysisk økt kvar dag i skuletida. Høyringsinstansen kjem med forslag om at ei slik formulering må inn i strategien.</li> <li>• Tema 5. Formuleringa under punkt 5D « bidra til å auka bruken av kulturbygg, aktivitetsanlegg, friluftsområde og merkte turløyper i lokalmiljøa » er ullen. Fylkeskommunen må vere meir handfast og angi korleis og med kva for verkemidlar ein har tenkt å få dette til.</li> <li>• Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 bør nemnast og bør være med som grunnlagsmateriale i handlingsprogrammet.</li> </ul> <p>Organisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Friluftsrådet vest átvarar mot å legge for store forpliktingar på frivillige lag og organisasjonar ut frå formuleringa i planen om at partnerskapet i framtida skal være prega av sterkare organisatorisk forankring og bindande felles forpliktingar. Må ikkje leggje for store plikter på frivillige lag og organisasjonar. Peikar på at det er rart at friluftsråda ikkje er invitert til å være meir i partnerskapet ut frå modellen frå 2014. Viser til at i Rogaland er friluftsrådene sjølvstendige partnerar.</li> </ul>	<p>Planen har utforma forslag til planretningslinjer som på ulike måtar tek opp innspelet når det gjeld planlegging av bustadområde. Planretningslinje 2.1, 2.4, 2.5 og 2.7. I nytt forslag til strategi 2 E er eksisterande bustadområde teke inn.</p> <p>I planen er det lagt inn tilråding om å følgje nasjonale retningslinjer på området under strategi 3 C – tiltak 3.2.5. Grunngeving er at statlege retningslinjer kan endre seg i perioden 2014-25.</p> <p>Regional plan for kultur og idrett vil innehalde meir konkrete på tiltak og verkemidlar på nemnte område.</p> <p>Nemnde plan er teke med under regionale føringar side 3, mens i handlingsprogrammet er Regional plan for kultur og idrett som skal vedtakast våren 2014, og skal erstatte Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012 omtala.</p> <p>Planen har ikkje rettsverknader for frivillige lag og organisasjonar, men kan invitere dei til eit samarbeid om tiltak. Dette er presisert i Verknader av planen. Invitasjon til deltaking i partnerskapen og medlemar i styringsgruppe, og avtalar rundt er tenkt å avklarast våren 2014. Framlegg til organisering syner hovudmodellen for arbeidet. Dette vil bli konkretisert fram seinare, og vil bli lagt fram til politisk handsaming.</p>
--	--	---

<p><b>12.</b> <b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b></p>	<p>Fylkeseldrerådet (FYEL) er sterkt opptekne av folkehelsa. FYEL er samd i at folkehelsearbeidet må vare heile livet, men FYEL er naturleg nok mest oppteken av folkehelsearbeidet retta mot den eldre delen av folket i Hordaland.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• FYEL er serleg nøgd med at universell utforming går som ein raud tråd gjennom planen. Universell utforming er avgjerande for at dei fleste eldre kan bu heime så lenge som mogeleg.</li> <li>• Folkehelseplanen omhandlar område som er særns naudsynt blant den eldre delen av folket. FYEL vil sette fokus på Tema 5: «Aktivitet og sosial deltaking.»</li> <li>• Ut frå prognosar som føreligg vil talet eldre auka kraftig i mange år framover. Kommunane vil stå framfor store utfordringar innan folkehelsearbeide blant den eldre delen av folket. Sjølv om folkehelseplanen er retta mot alle aldersgrupper meiner FYEL ein i planen bør synleggjera det behov som kan forventas for særskilt tilrettelegging for ein del eldre med svekka helse noko som i større omfang vil oppstå blant dei eldre. Dette bør ein i planen ta omsyn til slik at flest mogleg eldre kan få delta i aktivitetar og sosiale lag i lokalsamfunnet.</li> <li>• FYEL er samd i at frivillige lag og organisasjonar er naudsynte samarbeidspartar for kommunane. Mange eldre deltar aktivt og er ein stor og viktig ressurs innan folkehelsearbeidet.</li> <li>• Tannhelse er viktig, og serleg for eldre. FYEL er av den meining at utgifter ved tannbehandling skal prioriterast inn i folketrygda på lik linje med andre helseplager og sjukdommar.</li> </ul> <p>Også «Partnerskap for folkehelse» er ein viktig del av planen og ikkje minst «Handlingsplanen 2014-2017». FYEL er av den meining at Fylkeskommunen må samarbeide tett med kommunane, også økonomisk. FYEL er av den meining at både «Regional plan for folkehelse 2014-2025» og «Plan for handlingsprogram 2014-2017» er gode og gir von om at folkehelsa i Hordaland går gode tider i møte.</p>	<p>Planen legg stor vekt på universelle tiltak. Det er ikkje teke inn tiltak direkte retta mot eldre, men det er fleire stader teke inn formulering om «for alle aldrar» for å understreke at det og gjeld eldre. Spørsmål om tiltak for eldre må og takast opp av det framtidige partnerskap for folkehelse, og eventuelt konkretiserast i nye rulleringar av handlingsprogrammet.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning</p> <p>Tannhelse er eit viktig helsetiltak for befolkninga, men forslaget er utanfor folkehelseplanen si ramme.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning.</p>
---	--	--

<p><b>13.</b> <b>Fylkesmannen i Hordaland</b></p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland skriv at planen framstår som heilskapleg og femnar om sentrale tema som ein regional plan bør omhandle. Er positiv på at planen er konkret på ulike delmål og strategiar, og dermed eit godt verktøy for å nå målsettingane.</p> <p>Fylkesmannen støttar framlegget om å etablere eit samarbeidsforum for folkehelsearbeidet i fylket.</p> <p>Utkastet er i tråd med nasjonale forventningar slik dei kjem til uttrykk i folkehelselova, og gjeldande kunnskap om førebygging og helsefremjande arbeid. Måla om sosial utjamning og universell utforming er godt ivareteke. I samsvar med nasjonale føringar slik dei kjem til uttrykk i folkehelselova, og gjeldande kunnskap om førebygging og helsefremjande Måla om sosial utjamning og universell utforming er godt ivareteke, og prioriteringane peikar tydeleg på dei viktigaste påverknadsfaktorane for folkehelse: utdanning, arbeid og bustad. Også vektlegginga av kvardagsaktivitetar og nærmiljøtiltak samsvarar med dagens kunnskap om kva som faktisk bidrar til betre helse for folk flest. Ei slik prioritering gjer særleg sitt til å betre livsvilkåra og redusere risikoen for dårleg helse blant dei mest risikoutsette. Planen viser god forståing for den kompliserte samanhengen mellom levekår og livsstil. Det er ein styrke at planen ikkje gir seg inn på vurdering av mål-, risiko- eller ressursgrupper, men held fast ved den universelle tilnærminga.</p> <p>Planen er gjennomført prinsipiell, overordna og tverrsektoriell. Han gjev klare råd om strategiske prioriteringar for framtidige tiltak og er såleis retningsgjevande for planarbeidet i kommunane. Ikkje minst er framlegget om planretningsliner eit nyttig hjelpemiddel for kommunane, fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre som deltek i samfunnsplanlegginga. Planutkastet er eit nybrottsarbeid fordi det så tydeleg tek for seg <i>«samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen»</i> (jfr. folkehelselova § 2).</p>	
---	--	--

	<p>Konkret endringsframlegg i tekst</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>På eitt punkt er det framlegg om å gjere teksten tydelegare og mindre tolkbar. Siste avsnitt side 8: «<i>Det er ein klar samanheng .... Tiltak retta mot risikogrupper.</i>» kan erstattast med: <i>Det er ein klar samanheng mellom inntekt, utdanning og helse. Det går ein sosial helsegradient tvers gjennom befolkninga i alle land, og risikoen for dårleg helse og kort levetid blir gradvis større dess lenger ned på den sosiale rangstigen ein står. Befolkningsretta tiltak har vist seg å vere meir effektive enn tiltak retta mot snevre risikogrupper, fordi dei rettar seg både mot dei (få) med klare risikoteikn og dei mange som det ikkje er mogeleg å peike ut på førehand. Fleirtalet av dei som ikkje fullfører vidaregåande skule til dømes, har ikkje identifiserbare risikofaktorar som fattigdom, foreldre med rusproblem, språkproblem eller låg sosial status. Å berre hjelpe dei aller mest utsette, vil difor i liten grad påverke statistikken over elevar som fell ut av vidaregåande skule. Til dømes vil tilgangen på lærlingkontraktar og avstanden mellom heim og skule i større grad påverke gjennomføringsgraden totalt, men vil samstundes bety mest for dei som har det vanskelegaste utgangspunktet»</i></li> </ul> <p>Framlegg om nytt punkt i planretningslinene</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Planen kan med fordel koplast meir direkte til nasjonale føringar for friluftsliv. I Hordaland er det gjennomført kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde, men det er behov for betre kunnskap om lokalt viktige område i tettbygde strok. Tilrettelegging for fysisk aktivitet er eit sentralt innsatsområde for folkehelsa, og Fylkesmannen føreslår difor at planretningslinene vert supplerte med følgjande punkt under <i>Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming: Det skal gjennomførast kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde i alle kommunar i Hordaland.</i></li> </ul>	<p>Innspelet er innarbeidd i teksten.</p> <p>Fylkesrådmannen finn at det ikkje er naturleg med ein planretningsline som går på kartlegging og verdsetting. Det er difor i staden for utforma ein ny strategi 2F «<i>Det skal gjennomførast kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde i alle kommunar i Hordaland.</i>».</p>
14.	Helse Bergen er generelt positiv til planen. Sender inn høyring på	

<p><b>Helse Bergen HF</b></p>	<p>grunnlag av partnerskapsavtale om folkehelse med Hordaland fylkeskommune, og samarbeidsavtalar med 22 kommunar (tenesteavtale 10). Høyringsinstansen peikar på at planforslaget viser tydeleg at folkehelseansvaret er sektorovergripande. Dei fem temaområda er gode og famnar breitt, noko som er viktig i eit fylke som Hordaland med kommunar med ulik storleik og ulikt utfordingsbilde.</p> <p>Innspel på struktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det hadde vore gunstig om det kom fram kva tiltak som er retta internt i fylket og kva tiltak fylket vil nytte for å understøtte og vere pådrivar i folkehelsearbeidet i kommunane. Det er vanskeleg å finne den raude tråden. Bodskapen forsvinn pga. mange ord, og det er for mange gjentakningar. Det er uklart kva for målgruppe ein skriv for. Kommunane, avdelingar i fylket, eksterne samarbeidspartnarar eller kanskje alle? Dette kunne ha vore tydeligare.</li> <li>• Manglar samsvar mellom handlingsprogram og plan til dømes s. 12 i planen. Strategi 1 D mens i det i handlingsprogrammet høyrer til delmål 1.2.</li> </ul> <p>Innspel til ulike delar av planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Siste avsnitt s. 7 og første på s. 8: uklårt innhald. Tredje avsnitt s. 9: Vanskeleg å få tak i innhaldet.</li> </ul> <p>Tema 1.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• For å sikre eit godt og heilskapleg samarbeid mellom sektorane, ønskjer Helse Bergen å vere representert i en eventuell styringsgruppe for folkehelsearbeidet i regionen.</li> </ul> <p>Tema 2:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilrettelegging for sykkelbruk blir nemnd i planen, men det er ikkje noko om sykkelsatsing i handlingsprogrammet. Kunne kanskje vært inkludert under delmål 2.1. Nasjonal sykkelstrategi kunne ha vore nemnt.</li> </ul> <p>Tiltak 2.3.1</p>	<p>Det er gjort ein gjennomgang av struktur for å styrkje samanhengane, særleg på dei innleiande delane av planen.</p> <p>Ansvar i handlingsprogram er presisert.</p> <p>Manglande samsvar mellom plan og handlingsprogram er retta opp.</p> <p>Tekst er revidert.</p> <p>Helse Bergen har ei viktig rolle i framtidig partnerskap for folkehelse. Invitasjon til deltaking i partnerskapen og medlemar i styringsgruppe er tenkt våren 2014.</p> <p>Høyringsinstansen ber at satsing på bruk av sykkel, ikkje berre tilrettelegging for å sykle blir tydeleg i planen. Auka sykkelbruk er teke inn i ny strategi 2C og som nytt delmål 3.6</p>
-------------------------------	--	---



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I samband med skade- og ulukkes førebyggjande tiltak kan det vera hensiktsmessig å etablere samarbeid med nasjonale nettverk som t.d. Skadeforebyggende forum.</li> </ul> <p>Tema 3.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode mål men, dei saknar tiltak som seier noko om korleis HFK vil arbeide for å påverke og fremme folkehelseperspektivet til skular og barnehagar i kommunane.</li> </ul> <p>Tema 4</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Delmål 4.2. Delmålet kan delast i to: Fleire universelt utforma arbeidsplassar - følger strategi 4D. Auka satsing på helsefremjande arbeidsplassar- følgjer strategi 4c og E.</li> </ul> <p>Tema 5:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltak 5.1.3. HB planlegg kurs for erfarne brukarar i samarbeid med FFO og HB vil gjerne samarbeide og dele erfaringar frå dette arbeidet.</li> </ul> <p>Anna: Helse Bergen ønskjer at kap.3 i Folkehelseloven om miljøretta helse kjem tydeligare fram i planen.</p> <p>Dei nemner også på tre nye lover med verknad frå 01 01 2014 som forbyr ulike former for diskriminering. Den mest aktuelle nye lova er Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.</p> <p>Statens ernæringsråd er nå erstatta av Nasjonalt råd for ernæring</p>	<p>Tek innspelet til etterretning i det vidare arbeidet med skade- og førebyggjande tiltak.</p> <p>Tek innspelet til etterretning. Tiltak vil bli meir vurderte ved revisjon av handlingsprogrammet.</p> <p>Innspelet er teke med og innarbeidd i plandokumentet.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning.</p> <p>Miljøretta helsevern er styrkt på fleire punkt. Det er teke inn under ansvarsområde at kommunane har ansvar for miljøretta helsevern. Sjå elles om støy og forureining i tekst nedanfor om Statens Vegvesen.</p> <p>Teke til etterretning.</p> <p>Teke til etterretning</p>
<p><b>15. Helse Fonna</b></p>	<p>Helse Fonna meiner at Regional plan for folkehelse gjev ei god og oversiktleg framstilling av prioriterte område og valde strategiar for folkehelsearbeidet i Hordaland. Høyringsinstansen har ikkje vesentlege merknader til plandokumentet.</p>	

	<p>Høyringsinstansen viser til at ansvaret til helseføretaket er gjort tydelegare dei siste åra gjennom sentralt lovverk og overordna føringar.</p> <p>Kjem med innspel på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At det kan vere nyttig å gjere rolla til spesialisthelsetenesta og helseføretaket som samarbeidande part tydelegare på nokre område i planen.</li> </ul>	<p>Dette er tydeleggjort under Aktørar og ansvar i folkehelsearbeidet.</p>
<p><b>16.</b> <b>Hordaland barne- og ungdomsråd</b></p>	<p>Høyringsinstansen er glad for at hovudinnrettingane i planen er lagt på barn og unge sine oppvekst vilkår. Glad for at planen ser betydinga det frivillige organisasjonsarbeidet har for folkehelse - særleg er delmål 5.1 relevant for arbeidet til høyringsinstansen.</p> <p>Ber om at følgjande vert vurdert i det vidare arbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ønskjer eit større fokus på vern om familien/andre som står barna nærme som del av folkehelsearbeidet.</li> <li>• Understrekar at fylkeskommunen må ha sterkt fokus på å utarbeide og gjennomføre konkrete tiltak som kan vere med å oppfylle alle delmåla i den regionale planen. Understrekar at utan praktisk gjennomføring blir fine ord i ein regional plan meningslause.</li> </ul> <p>Formidlar at Hbur ønskjer å delta i eit framtidig samarbeid for å oppfylle delmål 5.1.</p>	<p>Planen nemner at verdien av samarbeid skule og foreldre er omtala i tekstdelen til tema 3, og familie er omtala under avsnitt om barn og unge. Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Synspunktet vert teke til etterretning.</p> <p>Representasjon i partnerskap/ styringsgruppe vil bli teke opp ved etablering av partnerskapen.</p>
<p><b>17.</b> <b>Hordaland Idrettskrets/ Norges Idrettsforbund</b></p>	<p>Hordaland idrettskrets er positiv til at planen er retta mot barn og unge.</p> <p>Hordaland idrettskrets ønskjer å vere ein del av ein brei samfunnsallianse for å redusere fysisk inaktivitet (sjå fullversjon av høyring).</p>	<p>Dette vert teke med i det vidare arbeidet.</p>

	<p>Hordaland idrettskrets samarbeider i dag breitt. Døme på tiltak er Treningskontakt-prosjektet, arbeid for ein meir aktiv skulekvardag i barneskule, SFO og ungdomskule samt arbeid for at fleire menneske med fleirkulturell bakgrunn deltek i organisert idrett.</p> <p>Konkret innspel til planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Betydinga av fysisk aktivitet bør bli understreka enda meir tydeleg i planen.</li> </ul> <p>Andre innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er opptekne av at fokus i arbeidet med barn og unge blir dreia meir i retning av førebyggjing.</li> <li>• Peikar på at det offentlege sitt bidrag i form av tilrettelegging gjennom ulike anlegg og ulike økonomiske støtteordningar, som t.d. gratis tilgang til idrettsanlegg for idrettslaga vil kunne bidra til at det vil være ei låg terskel for å kunne delta i idrettslaga sine</li> </ul>	<p>Det er teke inn nytt delmål 2.2 med strategiar for friluftsliv , som skal fremje meir bruk av natur for alle. Fysisk aktivitet er elles omtala fleire stader i planen med ulike vinklingar. Helsekonsekvensar av fysisk inaktivitet er omtala i den innleiande delen av planen under Helseutfordringar . Tema 2 tek opp at gjennom samfunnsplanlegginga er det viktig å sikre areal og naturområde og dermed legge til rette for ulike former av fysisk aktivitet Under ny strategi 2C er det lagt vekt på å tilrettelegge for at fleire kan velje sykkel og gange. Under strategi 4 E og tiltak 4.2.3 for å stimulere til meir aktive reiseformer som sykkel og gange teke opp. I tema 5 er verdien av regelmessig fysisk aktivitet omtala. Delmålet 5.2 skal nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet kvar dag, mens 5.3 legg opp til at fleire brukar aktivitetsanlegg, friluftsområde og idrettsarenaer.</p> <p>Planretningslinjene 2.1, 2.4, 2.5 og 2.7 har formuleringar for å stimulere for ei meir aktiv befolkning i samfunnsplanlegginga. I tekstdelen til tema 3 er fysisk utforming og organisering omtala som verkemiddel slik at barnehagar og skular kan leggje til rette for fysisk aktivitet. Her er uteareal lagt inn i formuleringa i delmål 3.1, og nytt delmål 3.6 er knytt til meir sykling og gange til skulen. I tiltak 3.2.5 vil fylkeskommunen arbeide for meir fysisk aktivitet i vidaregåande skule i tråd med nasjonale anbefalingar. Fremje av meir fysisk aktivitet i barnehage og skule er også lagt inn som råd til kommunane.</p> <p>Planen har ei innretting mot samfunnsmessige strategiar, jf avsnitt om Vegval og mål i planutkastet.</p> <p>Gratisprinsippet som eit tiltak for å fremje sosial utjamning er innarbeidd.</p>
--	---	---

	aktivitetstilbod.	
<p><b>18. Husbanken Region Vest</b></p>	<p>Høyringsinstansen ser det som positivt at Regional plan for folkehelse har fokus på å styrkje faktorar som fremjar helse gjennom god inkludering og førebygging i eit langsiktig heilskapsperspektiv, og på å jamne ut sosiale helseskilnader.</p> <p>Husbanken ber om at følgjande punkt vert gjort tydeligare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode planar med tiltak må inn i økonomiplan og budsjett skal dei kunne gjennomførast til beste for brukarane.</li> <li>• For å få gjennomført grunnprinsippet om helse i alt vi gjer må planen forankrast i heile kommuneorganisasjonen: frå politisk og administrativ leiing til fyrstelinjetenesta og til befolkninga generelt.</li> <li>• Det er viktig med god forankring og samarbeid mellom statlige og regionale aktørar.</li> <li>• Det er behov for god samordning av statistisk materiale.</li> <li>• Det er trong for å klargjere tydelegare kven som er målgrupper for dei einskilde strategiar og tiltak i planen.</li> <li>• Tiltak retta mot befolkninga som heilskap kan bidra til at ein oppnår dei høgaste helse- og velferdsgevinstane blant dei som allereie har mest ressursar. Dette kan slik sett bidra til å auke skilnadene i befolkninga. Det kan vere viktig å veie dette mot</li> </ul>	<p>Regionale planer gir føringar for budsjett og økonomiplan. Rammer for arbeidet vert vurdert i årlege budsjett. Innspelet er teke til etterretning</p> <p>Innspelet er teke inn i tekst om organisering i handlingsprogram.</p> <p>Tek innspelet til etterretning i arbeidet ved vidareutvikling av folkehelsearbeidet/partnarskapsarbeidet i Hordaland.</p> <p>I samband med utrulling av planen er delmål 1.2 og strategi 1 C er dette eit prioritert arbeidsområde. Det er ikkje gjort endringar i planen på dette punktet.</p> <p>Planen legg opp til å etablere eit partnerskap som får ei rolle i utarbeiding av framtidige rulleringar av planen. Målgruppe og deltakarar for dei respektive tiltaka vil bli tydeleggjort meir i seinare rulleringar av planen.</p> <p>Val av befolkningsstrategi som eit av dei berande elementa i planen er meir grunnngjeve i revidert plan under vegval og mål.</p>

	<p>tiltak særskilt retta mot dårligare stilte grupper.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Husbanken har utforma forslag til fagleg tekst om auke tilgjenge i eksisterande bustadmasse med eit nytt strategipunkt under delmål 2.2 «Gode bustader til folk med ulike behov i gode nærmiljø». Framlegget til strategipunkt 2E lyder: «<i>Auke kunnskap om fordelar og moglegheiter som kan finnast i samband med auka tilgjenge av den eksisterande bustadmassen</i>».</li> </ul>	<p>Regional plan for folkehelse legg rammer ved planlegging av nye bustadområde, oppføring av nye bustader og offentlege bygg gjennom planretningslinjene 2.1, 2.2 og 2.3. Høyringsutkastet har ikkje teke opp i seg at dei fleste bustader allereie er bygde. Gode og tilrettelagde bustader er viktige for helse og trivsel for mange grupper i befolkninga. Her er også eit livsfaseperspektiv. Planen tek derfor inn ny strategi som 2 J. «<i>Auke kunnskap om fordelar og moglegheiter som kan finnast i samband med auka tilgjenge av den eksisterande bustadmassen</i>». Tiltak må utvikast ved revisjon av handlingsprogrammet.</p>
<p><b>19.</b> <b>Høgskolen i Bergen</b></p>	<p>Høgskulen i Bergen har slike merknader til dei innleiande delane av planutkastet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Planen kan med fordel ha meir konkrete tiltak. Det bør trekkast inn meir forskning som viser døme på vellykka handling. Manglande forankring i forskning er eit minus. Alle forslag i handlingsplanen bør være forskningsbaserte. Aktiv deltaking, autonomi og empowerment forsvinn i handlingsplanen slik den er no.</li> <li>Høgskulen i Bergen tek opp på side 4 under definisjonar av helseomgrepet at dette er for snevert omtala. Kvifor er Hjort sin definisjon brukt og ikkje definisjonen til WHO? Fokus på ressursar kjem for dårleg fram. Det same gjer dimensjonane i helseomgrepet som omfattar både fysisk, psykisk og sosial helse.</li> <li>Det er viktig at helse og førebygging i eit livsløpsperspektiv kjem tydeleg fram. Saknar eit livsløpsperspektiv i planen. Det er ikkje fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid for den eldre</li> </ul>	<p>Folkehelsearbeidet i Hordaland er tiltak forankra i forskning /kunnskapsbasert så langt dette er mulig. I Ansvar og aktørar samt i Vegval og mål er dette presisert. Samtidig er mange tiltak på befolkningstiltak i liten grad evaluerte, og føre-var prinsippet tilseier at ein kan gjennomføre tiltak sjølv om dei ikkje er forskingsmessig evaluerte. Gjennomgang av tiltak vert gjort ved rullering av handlingsprogrammet. I tema 1 er tekst både om kunnskapsbasert arbeid og om medverknad presisert, og det er utforma ein strategi knytt til medverknad.</p> <p>WHO sitt helseomgrep er teke inn i plandokumentet.</p> <p>Livsløpsperspektivet er innarbeida sterkare i planutkastet, særleg i tema 2, 3 og 5.</p>

	<p>delen av befolkninga.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktørar og ansvar: Det må komme tydelegare fram at det gjeld den drifta fylkeskommunen og kommunane sjølve driv, og tilrettelegging utover eiga drift.</li> <li>• Definisjonen av universell utforming bør vil breiare - ulike grupper og behov som kan trekkast inn personar med nedsett funksjonsevne (bevegelse, syn, forståing, høyrsel) og miljø (astma/allergi).</li> </ul> <p>Framlegg til endringar til planutkastet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 1: Ny overskrift på tema: «Universell utforming som mål for heilskapleg folkehelsearbeid».</li> <li>• Under delmål og strategiar s. 14 Planretningslinje 2.5: Formulering: <i>Aktivitet</i> eller <i>fysisk aktivitet</i>?</li> </ul> <p>Om lågterskeltilbod: Bør gjelde lågterskeltilbod til alle, i alle aldrar. Her kan ein sjå til Danmark, der ein har laga generasjonsparkar som stimulerer til aktivitet – fysisk, psykisk og sosialt – for alle aldrar. Med t.d. turløyper med hinderløyper som skal styrke funksjon og motorikk i alle aldersgrupper.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 2: /Tema 3: Natur er sentralt i folkehelse. Helsevennlege og gode skular og barnehagar (tema 3): her er også uteområda, nærmiljø og lokalsamfunn viktig. Det bør presiserast kva kvalitetar eit nærmiljø bør ha (tema 2). Høyringsinstansen legg ved kunnskapsnotat om kva kvalitetar eit nærmiljø bør ha. Dei ynskjer difor meir fokus på tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv i nærmiljøa, ved å ta vare på og utvikle kvardagslandsskapet, som grønne lungar i bynære omgjevnader.</li> </ul>	<p>Sjå verknader av plan i saksframlegg, samt avsnitt om Verknader av plan i innleiinga i planutkastet.</p> <p>Breiare definisjon av universell utforming er ei viktig presisering som er retta opp i endeleg planutkast.</p> <p>Fylkesrådmannen rår til å halde på formulering i høyringsutkastet.</p> <p>Fylkesrådmannen rår til å bruke uttrykket aktivitet, då fysisk aktivitet kan gje inntrykk av at det dreier seg om trening. Vel så viktig er at uteområde og grøntareal fremjar leik og anna aktivitet.</p> <p>Er teke inn i strategi 2 A. Gratisprinsippet er omtala i tema 5, og i tiltak 5.3 Auka av aktivitetsanlegg, friluftsområde og idretts—og kulturarena.</p> <p>Innspelet om friluftsliv er teke inn i nytt delmål 2.2. Kvalitetar i eit nærmiljø er presisert i tekst i tema 2.</p>
--	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 3: Oppvekst og læring: Saknar eit alternativ til ordinære læringsarenaer. Lærarutdanninga bør gi større kunnskap om ulike brukargrupper og ulike pedagogiske verkemiddel for brukargrupper som ikkje passar inn i ordinær vidaregåande skule.</li> </ul> <p>Framlegg til endringar i handlingsprogram:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Delmål 1.4: 1.4.2. Forslag til ny tekst: «Utarbeide ein handlingsplan/tiltaksplan for oppgradering til universell utforming og auka tilgjenge i alle eksisterande fylkeskommunale bygg».</li> <li>• Stiller spørsmålet om tiltak 1.4.5 Er delmålet realistisk?</li> <li>• Delmål 2.1, side 11 Føreslår at allereie merkte turstiar kan bli meir tilgjengelege ved å merka startpunkt for turløypene, sikra tilkomstvegane til turløyper og auka moglegheiter for parkering ved startpunkt for turløyper. Prosjektet Helse i plan inngår som eit tiltak i regjeringas handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit. Metodane som vert utvikla, dreier seg om korleis ulike folkehelseformål, som friluftsliv og fysisk aktivitet, kan realiserast gjennom forankring i kommuneplanens samfunnsdel, arealdel og temaplanar.</li> <li>• Fleire opne idretts/aktivitetshallar tilsvarande FYSAK-hallen, universelt utforma, og med tilgang for fleire aldersgrupper. Eit universelt utforma friluftsområde er eit lågterskeltilbod som kan fange opp grupper som i dag er for lite fysisk aktive.</li> <li>• Delmål 3.2.4 Sunne matvanar. Her bør ein også sjå om skulane</li> </ul>	<p>Tek innspelet til etterretning. Innspelet fell utanom rammene for planen.</p> <p>Fylkestinget vedtok i desember 2009 handlingsplan for universell utforming av fylkeskommunale bygg. Det vert teke sikte på at alle eksisterande fylkeskommunale bygg er universelt utforma i 2019</p> <p>Sjå merknad ovanfor. Det er gjort ein feil ved utarbeiding av handlingsprogrammet. Det er i samsvar med statlege føringar lagt opp til at det skal utføre strategiar for universell utforming av eksisterande kommunale og andre offentlege bygg innan 2019.</p> <p>Forslaget er veldig konkret og bør vurderast ved rullering av handlingsprogrammet og i regional plan for kultur og idrett.</p> <p>Friluftsområder er teke inn i nytt delmål 2.2. Det vert vist til ny regional plan for kultur- og idrett.</p> <p>Som tiltak i fylkeskommunen si eiga verksemd (tiltak 3.2.4) er det teke inn i handlingsprogrammet at ein skal arbeide for å etablere sunne matvanar</p>
--	---	--

	<p>har høve til å etablere sunne matvanar i skulane/skulekantinene, til dømes om dei har tilstrekkelege kjøkkenfasilitetar. Skulen sine kjøkkenfasilitetar kan brukast til å auka kunnskapen om helse og ernæring (lågterskeltilbod) til andre deler av befolkninga (livsløpsperspektivet).</p>	<p>etter nasjonale retningslinjer i skular/skulekantiner. Same rådet er gjeve til kommunane under Råd og forslag strategipunkt 3.C. Fylkesrådmannen er einig med høyringsinstansen om at kjøkkenfasilitetar er viktig for å fremje barnehagar og skular som gode arenaer i dette arbeidet. Korleis kommunar og fylkeskommunar skal løyse dette praktisk er ikkje teke med som tiltak/råd i Regional plan for folkehelse.</p>
<p><b>20.</b> <b>KoRus - Bergenslinikkene</b></p>	<p>KoRus har slike merknader til dei innleiande delane av planutkastet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Definisjonar og prinsipp: Viser til definisjon av folkehelsearbeid side 4 og avgrensing av det same. Meiner det er viktig at definisjon av folkehelsearbeid også omfattar teneste- og metodeutvikling innan diagnostikk, system for tidleg intervensjon, behandling, habilitering og rehabilitering. «Tiltak for utvikling, effektivisering og forbedring av helsetjenestene er etter vår mening klart folkehelsearbeid, siden slike systemendringer vil bidra til betre helse for gruppene som omfattes av tjenestene. Det kan ikke være slik at grupper som har utviklet et helseproblem skal falle utenfor folkehelseetnkningen og - satsingen:»</li> </ul> <p>Høyringsinstansen har følgjande framlegg til handlingsplanen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 1 C: nytt punkt 1.2.4 «Bidra til at kommunar tek i bruk tilgjengelege verktøy for kartlegging, som <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdata</li> <li>• Brukarplan (verktøy for å kartlegge behov for sosial- og helsetenester på tvers av dei ulike instansane i kommunane)</li> <li>• Hurtig Kartlegging og Handling (HKH) HKH er ein kartleggingsmetode som kan nyttast på samfunnsnivå for å kartleggje for å kartleggje avgrensa problemområder/</li> </ul> </li> </ul>	<p>Planen legg til grunn formuleringa i folkehelseleva, og fylkesrådmannen meiner det vil vere uheldig å bruke ein anna definisjon. Teneste- og metodeutvikling innan behandling er knytt til helse- og sosialtenester.</p> <p>Innsats for å auke gode kartleggingsverktøy i folkehelsearbeidet kjem i delmål 1.2 Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert. Nytt partnerskap for folkehelse må vurdere kva kartleggingsverktøy som skal nyttast. Ungata vert i dag nytta i fleire kommunar i Hordaland.</p>



	<p style="text-align: center;">helseområder og samtidig utarbeide handlingsplan.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 2 D. Sikre bustadtiltak for grupper med særlege behov som personar med samansette behov med rus og /eller psykiatri.</li> </ul> <p>Strategi 2 E : Tilleggspunkt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Støtte opp under kommunar sitt arbeid med å redusere vold og skadar i utelivet.</li> <li>- Støtte arbeid med å redusere overdosar</li> <li>- Støtte arbeid mot vold i nære relasjonar</li> </ul> <p>Strategi 3 B Tilleggspunkt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide for å sikre for språkutvikling i barnehage</li> <li>- Arbeide for å sikre gode overgangar mellom barnehage og skule</li> <li>- Arbeide for å betre foreldresamarbeid i barnehage og skule</li> </ul> <p>Tema 4 C</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt punkt 4.2.3. Stille krav til inkluderande psykososialt arbeidsmiljø ved lokal og regional næringsutvikling, og i kommunar, fylkeskommunar og i statlege einingar.</li> <li>• Endre punkt 4.2.4 Framheve sunt kosthald og levevanar gjennom interne og eksterne samarbeidspartnarar</li> </ul> <p>Nytt punkt 4.2.5 Bevisstgjere når det gjeld bruk av alkohol i og rundt arbeidsrelevante aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema 5 A. Nytt punkt 5.1.2.1. Arbeide for å integrere personar med samansette problem.</li> <li>• Strategi 4 E . Tilleggspunkt : <i>Bevisstgjere når det gjeld bruk av alkohol i og rundt arbeidsrelaterte aktivitetar. Legge til rette for fysiske treningsaktivitar.</i></li> </ul>	<p>Er lagt inn som Råd og forslag til kommunane under strategi 2 I: «<i>Utarbeide oversikt over bustader og bustadtilhøve og behov for bustad som del av folkehelsevurderinga</i>».</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet i framtidig partnerskap for folkehelse.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet i framtidig partnerskap for folkehelse. Strategi 3F <i>Styrkje samarbeidet mellom ulike aktørar for å tryggje overgangar mellom ulike nivå i utdanningsløpet</i></p> <p>Strategi Det skal vere koordinert innsats og godt samarbeid mellom aktørar som arbeidar med levekåra til barn og unge gjennom heile utdanningsløpet.</p> <p>Innspelet er ikkje innarbeidd her, men det er utvikla ny strategi 4 F for å styrke arbeidet med satsing på det psykososiale arbeidsmiljøet «<i>Arbeide aktivt for eit meir inkluderande arbeidsmiljø i samarbeid med tilsette</i>».</p> <p>Tiltaket er ikkje endra.</p> <p>Rusproblematikken er omtala under Helseutfordringar. Planen inneheld ikkje delmål, strategiar og tiltak på dette feltet, men det må bli vurdert av det nye partnerskap for folkehelse. Dette er dekt i arbeidsmiljølovgivinga.</p> <p>Framlegget bør vurderast ved revisjon av handlingsprogrammet.</p> <p>Framlegget bør vurderast ved revisjon av handlingsprogrammet.</p>
--	--	---

<p><b>21</b> <b>Kreftforeningen</b></p>	<p>Kreftforeningen sine høyringsinnspel legg særleg vekt å kva sunne levevaner har å seie for folkehelsa. Høyringsinstansen trekkjer fram at 1/3 av alle krefttilfelle kan førebyggjast eller utsetjast gjennom sunne matvaner, vere røyk- og snusfri, drive regelmessig fysisk aktivitet og tiltak som beskyttar mot sol. Innspela gjeld særleg førebyggjande helsetiltak retta mot barn og ungdom, og skulen og barnehagen som arenaer for å jamne ut sosiale helseskilnader.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kreftforeningen peikar på at fylkeskommunen har verkemiddel i folkehelsearbeidet i rolla som regional planmynde og i eigen tenesteyting, forvaltning og planlegging.</li> <li>• Høyringsinstansen peikar også på verdien av at fylkeskommunen bidreg med gode oversikter og oppfølging av dei utfordringane som oversiktarbeidet avdekkjer.</li> <li>• Verdien av å leggje opp til eit nært samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og frivillig sektor.</li> </ul> <p>Høyringsinstansen kjem med følgjande innspel til planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Folkehelseplanen kan innarbeidast i HMS-arbeid og i det skadeførebyggjande arbeidet. Bør også ta inn risikofaktorane mot bruk av solarium. Kommunar bør ikkje ha solarium i eigne bygg. Fylkeskommunen vert oppfordra til å implementere vern mot sol i folkehelseplanen.</li> <li>• Mangel på skygge er i strid mot forskrift mot miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Serleg viktig å auke kommunane si merksemd mot dette feltet.</li> <li>• Fylkeskommunen bør bidra med tiltak som kan minke risiko for eksponering av radon. Kreftforeningen meiner at folkehelseplaner bør bidra til å sikre gjennomføring av og informasjon om «strategi for å redusere radoneksponering i Norge».</li> </ul>	<p>Innspela er teke til etterretning.</p> <p>Delmål 2.4 tek opp det skadeførebyggjande arbeidet. Innspelet må vurderast i det vidare arbeidet her ved seinare rulleringar av handlingsprogrammet.</p> <p>Sjå ovanfor.</p> <p>Radon er teke inn i Planretningslinje 2.2 blir utvida til også å omfatte radon « <i>Bustad – og sentrumsområde skal planleggjast slik at ein unngår støyplager, dårleg luftkvalitet, skadeleg radoneksponering, høgspenningstråling og skygge.</i>»</p> <p>Helsekonsekvensar ved bruk av tobakk er nemnd i innleiande del av planen under kapittelet Helseutfordringar. Det tobakkeførebyggjande arbeidet er ikkje teke med som eigne strategiar og tiltak knytt til i planen. Dette vurderast i seinare rulleringar av handlingsprogrammet.</p>
---	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Innføring av tobakksfri arbeidstid i fylkeskommunen for tilsette i kontakt med born og unge</i> (syner til vedtak i Nordland fylkeskommune i samband med lovendinga i tobakkskadelova 1. juli 2014 om tobakksfri skuletid for elevar i grunnskular og vidaregåande skular). Fylkeskommunen kan nytte sin styringsrett som arbeidsgjevar etter merknad til § 18 i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.</li> <li>• Ha som mål å innføre ein time med dagleg fysisk aktivitet for alle elevar på mellomtrinnet og i vidaregåande skule, og ha som mål at gratis frukt og grønt for alle elevar vert prioritert høgt. Handlingsplanen må fange opp at aktivitetsnivået fell kraftig frå 9 års alder og fram til 15 års alder og vidare inn i voksen alder. Skulen er god arena for å stimulere til gode helsevanar. Høge krav til prestasjonar og lengre skuledagar krev eit godt læremiljø der gode rammer for fysisk aktivitet og måltid er viktige element. Arbeid for dagleg fysisk aktivitet og gratis frukt og grønt for alle elevar bør derfor prioriterast høgt i det vidare arbeidet med innhald i folkehelseplan/handlingsplan.</li> <li>• Stille kompetansekrav til dei som leiar fysisk aktivitet i skulen, for å nå alle elevane.</li> <li>• Dimensjonere helsestasjons- og skulehelseteneste for å gje likeverdige tilbod til alle barn uavhengig av sosial status. Kreftforeningen meiner skulehelsetenesta er underdimensjonert i mange kommunar i høve trong for å gje primærførebyggjande råd og vegleing om tema som kosthald, tobakk, solingsvanar og fysisk aktivitet, og vaksiner og sjukdomsrisiko knytt til HPV-virus smitte.</li> </ul>	<p>Kreftforeningen sitt innspel om tobakksfri arbeidstid er interessant i lys av ny tobakkslovgjeving som skal sikre tobakksfri skuletid for elevar i grunnskular og vidaregåande skular. Samtidig blir det for besøkjande og tilsette på alle uteområde som høyrer til skular og barnehagar forbod mot tobakksbruk (snus og røyk). Ny lovgjeving er allereie implementert i vidaregåande skular. Vidare oppfølging av dette punktet må vurderast i seinare rulleringar av handlingsprogrammet.</p> <p>Strategi 3 C «<i>Alle barnehagar og skular skal vere gode arenaer for haldningsskapande arbeid og sunne helseval</i>» inneheld tiltak 3.2.4 retta mot sunne matvaner i skulen. Dette er også lagt inn som råd til kommunane under strategi 3 C. Dette er lagt inn som ei retning utan å at det er lagt inn gratis frukt og grønt til alle elevar som mål. Det er eit pågåande arbeid med ny NOU på dette området. På dette grunnlaget innarbeider vi ikkje framlegget i planen no.</p> <p>I tiltak 3.2.5 blir det lagt vekt på at skulane skal arbeide for å følge dei nasjonale tilrådingane (altså ein time fysisk aktivitet dagleg) for å fremje meir fysisk aktivitet hos barn og unge for å stimulere alle skuleeigarar til å ta strukturelle grep på dette viktige området. Dette er også lagt inn som råd til kommunane.</p> <p>Under tekstdelen til tema 3 er det teke med at kompetansen til dei som arbeider med barn og unge er viktig for kvalitet og læring i skule og barnehage. Kompetanse ligg også naturleg under strategi 3 B «<i>Alle barnehagar og skular skal bidra til å gi elevane ei best mogleg sosial og fagleg utvikling</i>».</p> <p>Delmål 3 D heiter «Tilbodet i skulehelsetenesta til elevar i grunnskulen og til elevar/lærlingar i vidaregåande skule skal vere i tråd med nasjonale tilrådingar. Innspelet er teke til etterretning.</p>
--	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkeskommunen bør bidra til og legge til rette tilhøva slik at personar med nedsett funksjons- og arbeidsevne kan delta i arbeidslivet. Kreftpasientar skal ha mogeligheit til deltaking i arbeidslivet under og etter sjukdom.</li> <li>• Fylkeskommunen må oppmode kommunane til å legge til rette for uorganisert aktivitet fordi mange unge sluttar fordi treningsmengda og krava til prestasjon blir for stor. Det er viktig at det vert oppretthalde og gjeve ressursar til tilbod til ungdom som kan foreinast med skulegong og andre fritidsaktivitetar.</li> <li>• Fylkeskommunen må vere pådrivar for etablering av feire kommunale frisklivssentralar, også for å dekke tilbod innan psykisk helse.</li> </ul>	<p>Delmåla 4.2 og 4.3 er utvida for å dekke breiare og med vekt på auka deltaking.</p> <p>Momenta er innarbeidd i tekst til temaområde 5.</p> <p>Frisklivssentralar er ei kommunal helseteneste og er derfor ikkje teke inn som tiltak i Regional plan for folkehelse. Fylkesmannen har eit oppfølgingsansvar for frisklivssentralar på regionalt nivå.</p>
<p><b>22. Kvinnherad eldreråd og Rådet for funksjonshemma i Kvinnherad</b></p>	<p>Høyringsinstansen saknar ein større heilskap i planen, peikar på at fellesskapen manglar og at temaene er for oppdelte. Høyringsinstansen meiner vidare at det er mange viktige mål og tiltak i planen, men stiller spørsmål om måloppfyljing er realistisk med den økonomien mange kommunar har i dag.</p> <p>Ber om at følgjande vert vurdert/teke med i det vidare planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli tydelegare i planen på at barn, unge og eldre (besteforeldre) er viktige målgrupper og samarbeidspartar.</li> <li>• Høyringsinstansen opplever at UU ikkje vert teke nok på alvor i planlegging og gjennomføring av kommunale prosjekt. Dette gjeld også på arbeidsplassar. Peikar på at det er naudsynt å leggje sterkare vekt på universell utforming.</li> </ul>	<p>Barn og unge som målgrupper er ivareteke i planen (vegval og mål og temaområde 3. Fylkeskommune og kommunar har ulike fagpersonar og råd for å sikre medverknad (barnerepresentant, ungdomsråd, eldreråd med fleire). Det er lagt inn ei formulering «for alle aldrar»</p> <p>To planretningslinjer tek opp universell utforming: 1.2 «<i>Kommuneplanens arealdel skal ha føresegner om universell utforming</i>» og 1.3 «<i>Ved planlegging av sentrumsområde i byar og tettstader skal omsyn til universell utforming leggjast til grunn</i>» skal leggjast til grunn for kommunal</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ferje - og snøggbåtflåten er dårleg tilrettelagt for universell utforming og dette arbeidet bør intensiverast.</li> <li>• Tek opp at planutkastet framhevar frivillig arbeid i nærmiljø som viktig. Høyringsinstansen peikar på at frivillig arbeid i nærmiljø ikkje vert verdsett høgt nok i kommunane.</li> <li>• Høyringsinstansen kjem med framlegg om det naudsynt med kontroll for at kommunane skal følgje opp delmål 1.4.5 om å sikre at eksisterande offentlege bygg og skular blir kartlagde med tanke på universell utforming innan 2015, og gjerne også med økonomiske tilskot frå stat/fylkeskommune.</li> </ul>	<p>planlegging. Under delmål 4.2 er det strategiar om universell utforming av arbeidsplassar. Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Dette er dekkja i planen gjennom i strategi 1H og tiltak 1.4.3 «<i>Sjå til at det i alle anbod om kollektivtransport er sett krav om universell utforming</i>» (ansvarleg fylkeskommunen) og som råd til kommunane. Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Planen har teke opp samarbeid mellom frivillig sektor og kommunar gjennom strategi 5 B «<i>Utvikle regional og kommunal frivilligheitspolitikk i samarbeid med frivillig sektor</i>». Under råd til kommunane er ikkje samarbeidet med frivillig sektor inne i handlingsprogrammet. Samarbeid/arbeidspolitikk mellom frivillig sektor og kommunane bør takast i partnarskapsarbeidet.</p> <p>Tek innspelet til etterretning.</p>
<p><b>23.</b></p> <p><b>Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner Bergen og Hordaland</b></p>	<p>Høyringsinstansen er positiv, synes planen er eit godt utgangspunkt og har en rekke gode moment i eit folkehelseperspektiv. Planen bør leggje føringar for folkehelsearbeidet i kommunane.</p> <p>LLM Bergen og Hordaland peikar på ein del utfordringar for lhbt-befolkninga i eit folkehelseperspektiv gjennom følgjande viktige moment:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Peikar på at folkehelseplanen legg for lite vekt på det psykososiale aspektet. Alle menneske har både ei psykisk og fysisk helse, som må ivaretakast på lik linje. Lhbt-befolkninga er ein minoritet som i hovudsak består av vel fungerande individ. Denne gruppa møter andre utfordringar helsemessig enn befolkninga ellers, spesielt psykososialt. Undersøkingar viser gjerne eit anna bilde i forhold til rusproblematikk og sjølv-mord.</li> </ul>	<p>LLM Bergen og Hordaland trekkjer opp viktige moment for å redusere diskriminering og mobbing, og auke kunnskap om lhbt-befolkninga. Tiltak 3.2.2 har som formuleringa at «<i>Det skal arbeidast for å auke trivselen og meistring i vidaregåande opplæring</i>». Her ligg også utforming av tiltak for mobbing. Lhbt-befolkninga er ei gruppe som er særleg utsett for mobbing, og det skal difor vere lagt vekt på å styrkje informasjon i vidaregåande opplæring knytt til denne gruppa. Dette er lagt inn i handlingsprogrammet</p>

	<p>Særleg eldre lhbt - personer som må ivaretaast førebyggjande. Det trengst meir kunnskap om korleis tenkje inkluderande for dei som arbeider med eldre. Lhbt - personar vert utsett for skjellsord og mobbing i skulen også i vidaregåande skule.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er bra med eit fokus på innvandrarbefolkninga. Lhbt-rettar må ha eit særskilt fokus i opplæring i grunnleggande norsk og samfunnsfag. Likeverd på grunnlag av kjønn og seksuell orientering bør forklarast godt og ut frå ein kulturhistorisk samanheng. Viktig i eit folkehelseperspektiv at ein utarbeider eigen handlingsplan mot diskriminering av lhbt-personer i fylket. (Askøy og Bergen har slike planer i dag.)</li> <li>• Saknar også eit fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet.</li> </ul> <p>Høyringsinstansen forslår følgjande nye formuleringar inn i planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Under 3.2 nytt delmål med ordlyden <i>«Fylkeskommunen skal i samarbeid med LLH sikre informasjonsarbeid i vidaregåande skole omkring seksuell orientering, kjønn og kjønnsuttrykk.»</i></li> <li>• Nytt strekpunkt under råd og forslag strategi 3 B, s.15. <i>Fylkeskommunen skal leggje til rette for at alle vert likebehandla uavhengig av seksuell orientering, kjønn og kjønnsuttrykk.»</i></li> <li>• Nytt strategipunkt 4 F: <i>Leggje til rette for at offentlige og private verksemder som ønskjer det kan få lhbt-sertifisering. LLH kan utføre dette arbeidet»</i></li> <li>• <i>Nytt strategipunkt 4 G:Leggje til rette for et godt psykisk miljø gjennom ivaretaking og likestilling av seksuell orientering, kjønn og kjønnsuttrykk.</i></li> </ul>	<p>som tiltak 3.2.7 Informasjonsarbeid i VGS knytt til å auke forståing av sosialt, kulturelt og identitetsskapande mangfald.</p> <p>Sjå punktet ovanfor.</p> <p>Det er innarbeidd ein ny strategi knytt til psykososialt arbeid, Strategi 4 F: <i>«Arbeide aktivt for eit inkluderande psykososialt arbeidsmiljø i samarbeid med tilsette»</i></p> <p>Sjå merknad ovanfor.</p> <p>Sjå ovanfor</p> <p>Folkehelseplanen inneheld ikkje eigne handlingsplanar /retningslinjer eller sertifisering for andre befolkningsgrupper. Framlegga til formuleringar er på dette grunnlaget ikkje arbeidd inn i planen.</p> <p>Det er laga eit nytt delmål 4F: Arbeide aktivt for eit meir psykososialt arbeidsmiljø</p> <p>.</p>
24.	Vurderer høyringsutkast m/handlingsprogram som ryddig og oversiktleg.	

<b>M Heimdal</b> <b>Folkehelsekoordinator</b>	Har følgjande innspel: <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Saknar fokus på eldre. Meiner at aktiv aldring og ein aktiv alderdom bør framhevast i planen.</li> <li>b) Peikar på at planen må bli tydelegare på at samarbeid og høg forankring med styringsgrupper på leiarnivå er viktig for å lukkast godt i det kommunale arbeidet. Forslår dette inn i delmål 1.1 i Handlingsprogrammet.</li> </ul>	Deltaking på tvers av generasjonar er teke inn i tekst i tema 5.  Forankring i leiinga i kommunar og i fylkeskommunen er teke inn og omtala i tema 1 i planen.
<b>25.</b> <b>Reidar Konglevoll - Seim</b> <b>Gard</b>	Merknad til tema 3 oppvekst og læring. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjem med framlegg om at INN På TUNET bør omtalast i eit avsnitt som døme på ei suksesshistorie i mange kommunar knytt til samarbeid mellom oppvekst/skule og landbruk.</li> </ul>	Tiltaket vil ikkje bli omtala i planteksten under oppvekst og læring fordi det vil bli for omfattande å omtale konkrete tiltak i eit overordna plandokument.
<b>26.</b> <b>RKBU Vest – Regionalt</b> <b>kunnskapssenter for barn og</b> <b>unge, Uni Helse, Uni</b> <b>Research</b>	Innleiing: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser til at høyringsbrevet ikkje tek opp spesifikke høyringsspørsmål. RKBU Vest legg i høyringssvaret vekt på tilhøve knytt til organisering av folkehelsearbeidet i regionen og korleis barn og unge er ivaretekne i planen.</li> </ul> Generelle kommentar er til planen: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Høyringsinstansen viser til §§ 7, 20 og 21 i folkehelselova. Her vert det peika på at regional plan bør ta høgde for å møte lova på alle desse områda som er nemde. Planen bør derfor vise korleis folkehelsearbeid i Hordaland kan ivaretakast i alle sektorar og fylkeskommunale verksemdar samt i kommunal og fylkeskommunal politikk.</li> <li>• Planen møter ikkje lova på alle desse områda og det kjem ikkje fram i planen korleis val av tema og fokusområde er, samt på korleis barn og unge er gjort. Det bør gjerest meir eksplisitt korleis dei fem temaområda vil bidra til utjamning.</li> <li>• Vidare bør det brukast implementeringsverktøy i planlegging, gjennomføring og evaluering av arbeidet).</li> <li>•</li> </ul>	Fylkesrådmannen meiner planen er eit godt grunnlag for å iverksetje folkehelsearbeid etter Lov om folkehelse.  Korleis dei fem temaområda bidreg, er omtala under Vegval og mål i planen.  Innspelet er teke til etterretning. Nytt partnerskap for folkehelse må ta stilling til kva for implementeringsverktøy som skal nyttast.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av omgrep er ikkje konsekvent. Omgrepa folkehelse, folkehelsearbeid og folkehelseperspektiv blir brukt om kvarandre. Planen blir omtalt som «Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland» i planprogrammet og i høringsutkastet «Plan for folkehelse». I målformuleringane blir det brukt ei snever tolking av helse med hovudfokus på somatisk og fysisk helse.</li> <li>• Under nasjonale føringar saknar dei «Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet i dei vidaregåande skulane 2013-2015». Planen bør også bli knytt til Regionalt utviklingsprogram som er sentralt for lokalt utviklingsarbeid i fylkeskommunen. Planen bør gjennomgåande forankrast i Folkehelsemeldinga og nytta dokumenterte anbefalingar slik som «Betre føre var» i målformuleringar og tiltak.</li> <li>• Ønskjer meir fokus i plan og handlingsprogram på psykisk helse, på korleis den kan fremjast på dei arenaene folk lever liva sine, samstundes som det både kommunalt og regionalt vert arbeidd med førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Tiltak mot barn og ungdom kan være Olweus-programmet mot mobbing og andre meir selektive tiltak mot til dømes elevar som står i fare for å slutte på vidaregåande skule.</li> <li>• Det vert ikkje gjort greie for korleis planretningslinjene skal brukast. Det vert og stilt spørsmål om i kva grad retningslinjene er naudsynte i planen då plan – og bygningslova regulerer desse tilhøva?</li> </ul> <p>Handlingsprogrammet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utkastet til handlingsprogram avgrensar rekkevidda av tiltaka og bidreg til ein snever tolkning på kva som er fylkeskommunen sitt ansvar.</li> <li>• Det er viktig å sjå på kommunanes behov for støtte i arbeidet og planlegge kunnskapsbaserte mål og tiltak for å oppnå dette. Det er også bra at partnerskapet er tenkt ei viktig rolle i det framtidige arbeidet.</li> <li>• Det er derfor viktig at ein tidleg i første handlingsprogramperioden legg grunnlaget for det vidare arbeidet og allereie når handlingsprogrammet vert rullert legg</li> </ul>	<p>Fylkesrådmannen rår til å bruke «Regional plan for folkehelse».</p> <p>WHO sitt helseomgrep er teke inn i planen.</p> <p>Innspela er teke til etterretning.</p> <p>Innspela på tiltak vil bli vurderte ved første revisjon av handlingsprogrammet</p> <p>Planretningslinjer er teke med etter anbefalingar frå arbeidsgruppe «helsefremjande samfunnsplanlegging» og politisk vedtak om det same. Føremålet med planretningslinjer er vist til under verknader av planen</p> <p>Tek innspela om handlingsprogrammet til etterretning. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg som del av partnerskapsarbeidet og vil bli utvikla vidare i denne ramma.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning</p> <p>Dette er i tråd med planane frametter for rullering av handlingsprogrammet.</p>
--	---	---



	<p>fokus på det kommunale arbeidet. Det grunnleggande arbeidet er knytt til å etablere gode strukturar, fokusere på behov for auka kompetanse på alle nivå, utvikle partnerskapet, det tverrfaglege og tverretatlege samarbeidet og mål og tiltak for heile regionen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Råda til kommunane bør bli betre gjennomarbeida og være meir fokusert mot aktuelle folkehelseiltak og aktuelle problemstillingar i kommunane.</li> </ul> <p>Tema1:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er uklart korleis dei overordna temaa skal være førande for dei andre temaa.</li> <li>• Universell utforming er regulert av eigne lover og retningsliner og bør ikkje få ei overordna plass i planen. Foreslår derfor at 1.4 blir fjerna.</li> <li>• Medverknad: Delmål og strategiar bør knytast til anbefalingar i «Rapport organisering» blant anna vekt på kompetanseheving og forankring av arbeidet i kommunane og fylkeskommunen. Dei etterlyser at brukarkompetanse blir nytta i arbeidet. Etterlyser meir avgrensa strategiar knytt til kunnskapsbasert arbeid og strategiar som fokuserer kunnskap om implementering av folkehelseiltak og evaluering av desse.</li> <li>• Etterlyser delmål og strategiar for å sikre at folkehelseperspektivet blir ivaretatt i plansystemet.</li> <li>• Etterlyser overordna delmål, strategiar og tiltak knytt til å integrere vurdering av konsekvensar for folkehelse og utjamning i alle politiske vedtak i kommunar og fylkeskommunar.</li> </ul> <p>Tema 2:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Delmål, strategiar og tiltak er for lite spesifikke og fleire er svakt formulert.</li> <li>• Etterlyser fokus på planlegging av det psykososiale miljøet. Fokus på psykososialt miljø og nettverk er ikkje inkludert i tema 2. Psykososialt miljø er ein viktig påverkar for helse og høyrer</li> </ul>	<p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Dette er forsøkt gjort tydelegare under Vegval og mål i planutkastet.</p> <p>Planen skal etter politisk vedtak erstatte Fylkesdelplan for universell utforming 2006-2009 «deltaking for alle».</p> <p>Tekst knytt til Organisering i handlingsplanen er blitt korrigert for å få fram betydninga av forankring av arbeidet i kommunar og i fylkeskommunen. Kompetanseheving er utforma som eiga strategi under tema 1. Nytt partnerskap for folkehelse vil bidra til å konkretisere tiltak ytterlegare i nytt handlingsprogram for folkehelse.</p> <p>Delmål 1.3 seier at «Folkehelseomsyn skal vere integrert i all areal- og samfunnsplanlegging. Planretningslinje 1.1 «<i>Alle kommunale og regionale planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdere omsyn til folkehelse der det er relevant. Kommunepanen er særleg relevant, både samfunnsdel og arealdel</i>». Dette er ytterlegare konkretisert særleg i Tema 2. Fylkesrådmannen meiner dette er godt ivareteke i planutkastet</p> <p>Tek innspelet til etterretning.</p> <p>Planen har ein strategi 2 B som handlar om å bruke og auke kunnskap om nærmiljø og lokalsamfunn og om kva utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helsa. Dette vil og gjelde psykososialt miljø. Det er teke inn eit</p>
--	--	---

	<p>heime under fleire av temaa. I denne samanhengen etterlyser høyringsinstansen mål og strategiar for korleis nærmiljø og lokalsamfunn kan utviklast som inkluderande og helsefremjande, med muligheit til vekst og utvikling for dei som bur der.</p> <p>Tema 3:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Under dette temaet kjem det fylkeskommunale fokuset på eiga tenesteyting fram på kostnad av ein integret regional satsing. I innleiinga til planen vert det trekt fram at innsatsen i planen særleg skal rette seg mot barn og unge, og støttar denne prioriteringa. Av same grunn er også kommunane og fylkeskommunen sine skuleplanar, planar for spesialpedagogikk, kommunalt og statleg barnevern/familievern (alt som er knytt til ein heilskapleg oppvekst relevante bakgrunnsdokument), noko som gjer oppteljinga av aktørar og ansvarshavande for snever. Grunnen til dette er at det ikkje berre er kommunale helse- og sosialtenester og frivillig sektor som er relevante for samarbeid om folkehelsearbeid når det gjeld barn og unge.</li> <li>• Heilskap og samanheng i tenestetilbodet, heilskapleg menneskesyn og på utvikling og behovet for tverrfaglege tiltak på viktige arenaer for barn og unge (barnehage/skule) vil vere gode grep for ei styrka folkehelse og redusert sosial ulikskap på alle velferdsvariablane.</li> <li>• Det er trong for å utvikle enda fleire mål, strategiar og tiltak knytt til oppvekstvilkår.</li> <li>• Tidlig innsats og førebyggjande helsetenester som helsestasjon og skulehelseteneste blir trekt fram, men vises i liten grad i målformuleringar. Tiltak mot barnefattigdom er viktige i eit utjamningsperspektiv.</li> <li>• Ønskjer samanhengande målformuleringar og tilhøyrande tiltak som strekker seg frå barnehage til og med vidaregåande skule blir prioritert.</li> </ul> <p>Tema 4:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser her til at arbeidsplassen er ein god arena for folkehelseiltak, for eksempel knytt til bedriftshelseteneste,</li> </ul>	<p>nytt delmål 4F: Arbeide meir aktivt for eit meir inkluderande psykososialt arbeidsmiljø i samarbeid med tilsette</p> <p>Tema 3 er eit viktig tema med mange ulike mulige mål og strategiar. Mål og strategiar både på dette temaet og under dei andre er utvalde for å dekke breitt og stå lenge. Tiltak mot barnefattigdom er først og fremst eit inntekts- og velferdspolitisk område som fell utanfor denne planen.</p> <p>Dette innspelet er teke inn som ny strategi 3F: «<i>Styrkje samarbeidet mellom ulike aktørar for å tryggje overgangane mellom dei ulike nivåa i utdanningsløpet</i>».</p> <p>Framtidig partnerskap for folkehelse må utarbeide framlegg til tiltak knytt til oppvekstvilkår</p> <p>Tiltak mot barnefattigdom er først og fremst eit inntekts- og velferdspolitisk spørsmål som fell utanfor rammene av denne planen. Sjå elles ovanfor</p> <p>Innspelet er teke til etterretning</p> <p>Innspelet er teke til etterretning</p>
--	--	---

	<p>AMH-arbeid, rusførebygging og anna.</p> <p>Tema 5:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Peikar her på at deltaking spesielt i frivillige lag og organisasjonar og på arenaer for frivillig arbeid blir framheva som arenaer for inkludering og medverknad. Inkludering, medverknad og deltaking er kjerneverdier i godt folkehelsearbeid uavhengig av arena og er derfor viktig å ha med. Etterlyser tiltak som direkte retter seg mot auka medverknad og deltaking.</li> </ul> <p>I tillegg er det fokusert på fysisk aktivitet, samt at kulturopplevingar er helsebringande. Delmåla er knytt til aktivitet på desse områda og strategiane frå rekruttering til frivillig arbeid og til å nå nasjonale mål om fysisk aktivitet kvar dag. Høyringsinstansen meiner tiltaka er opplisting av arbeid som allereie er i gong i fylkeskommunen regi.</p> <p>Det er trong for å spisse in del av måla, strategiane og tiltaka som det er gjort framlegg om.</p>	<p>Tekst er endra i tema 5.</p>
<p><b>27.</b> <b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b></p>	<p>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har særskilt interesse for planen og er generelt sett positiv til planen.</p> <p>Rådet kjem med følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rådet ønskjer at det blir enda tydeligare tidleg i planen at universell utforming gjeld ikkje berre rørslehemma, men også synshemma, allergikarar, psykisk utviklingshemma og andre. Dette for å bidra til at folk får ei breiare forståing for universell utforming.</li> <li>• Det kjem ikkje tydelig nok frem omsyn til menneske med nedsett funksjonsevne skal være deltakarar, og ikkje berre tilskodar, t.d. garderobefasilitetar. Rådet nemner døme på dette.</li> <li>• Angåande tidsfristar på universell utforming meiner rådet at alle fylkeskommunale bygg skal være universelt utforma i 2019, mens 2025 er dei nasjonale føringane. Særskilt i 1 G og i 1.4.2-6 råder det noko forvirring om kva type bygg ein snakkar om til ein</li> </ul>	<p>Planteksten er gjort tydelegare om definisjon av universell utforming .</p> <p>Skillet mellom å vere deltakar og tilskodar er teke inn i planen under temaområde 5.</p> <p>Dette er retta opp. Tiltak 1.4.2 i handlingsprogrammet er no å gjennomføre oppgradering av alle fylkeskommunale bygg innan 2019. Tiltak om kartlegging av fylkeskommunale bygg utgår, då dette er gjennomført.</p>

	<p>kvar tid. Fylkestinget tok eit vedtak på når fylkeskommunale bygg skulle vere universelt utforma og strategien for å nå dit. Kan det vere aktuelt å ta det dette vedtaket med i planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rådet ønskjer også at planen (sjølv om det er teke omsyn til dette) skal bli endå meir tydeleg på at universell utforming ikkje berre eksisterer for ei lita gruppe menneske, men at universell utforming er noko dei aller fleste vil få glede av på eit tidspunkt i livet.</li> <li>• Tema 4: Rådet meiner det er vel så viktig med holdningsendringar som å fjerne fysiske hindringar. Holdningane til arbeidsgjeverar er ofte den største barrieren</li> <li>• Tema 5:</li> <li>• Det burde vært nemnt politiske organisasjonar som en del av frivillige organisasjonar.</li> </ul> <p>Handlingsplan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ønskjer et punkt om korleis ein skal ha fokus på universell utforming t.d. å spreie informasjon om universell utforming blant tilsette i fylkeskommunen, kommunane og andre.</li> <li>• Ønskjer en målsetting om generelt økt kunnskap og kompetanse om universell utforming</li> </ul>	<p>Dette er teke inn i tekst i tema 1.</p> <p>Innspelet er teke til etterretning.</p> <p>Politiske organisasjonar er teke inn i tekst i tema 5 saman med livssynsorganisasjonar og andre meiningsberande organisasjonar.</p> <p>Det er utforma ein ny strategi 1K: « <i>Auke kunnskap og kompetanse om universell utforming</i> ». Tiltak må vurderast ved revisjon av handlingsprogrammet.</p> <p>Sjå ovanfor</p>
<p><b>28.</b> <b>Statens vegvesen Region vest</b></p>	<p>Statens vegvesen viser til at tilrettelegging for god folkehelse har stor samfunnsverdi. Dette er del av grunnlaget for transportpolitikken si auka satsing på å fremja sykling, gåing, kollektivreise og universell utforming. Nasjonale transportpolitiske mål om å auke den fysiske aktive delen av persontransporten vil fremja betre folkehelse. Trafikksikkerheitstiltak, samt støy- og utsleppsreducerande tiltak er døme på korleis transportsektoren arbeider med førebyggjande verknad på folkehelsa.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei oppmodar om at også Nasjonal transportplan 2014-2023 og dei tilhøyrande nasjonale strategiane for gåing og sykling og universell utforming vert innarbeidde som viktige nasjonale føringar.</li> <li>• Dei saknar ei sterkare vektlegging av at aktiv transport i form av sykling og gåing kan vere eit viktig bidrag til meir fysisk aktivitet</li> </ul>	<p>Vert nemnd i referanselista.</p> <p>Sjå nedanfor.</p>

	<p>er omtala fleire stader i planframlegget med handlingsprogram.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etterlyser fleire konkrete tiltak i handlingsprogrammet – spesielt på den helsefremjande sida. Tiltak som er slik at det vert enkelt og attraktivt for folk å ta helsefremjande val i kvardagen.</li> <li>• Det går ikkje fram kven «Råd og forslag» rettar seg mot.</li> <li>• Føreslår ny strategi under delmål 1.3: Alle planar skal legge til rette for at det vert attraktivt å gå og sykle mellom viktige målpunkt. Eit tilknytt punkt om tiltak kan vere at det skal utarbeidast sjekklister som omhandlar m.a. veganlegg, parkeringsløyisingar, tilrettelegging på arbeidsplassar og utarbeiding av mobilitetsplanar.</li> <li>• Leggje til «og haldeplassar» i strategi 1 H: Offentlege bygg, skular kollektivtransport og haldeplassar skal vere universelt utforma innan 2025.</li> <li>• Det blir føreslått at anlegg for gåing og sykling vert innarbeidd i punkt 2A.</li> <li>• Det bør innarbeidast eit nytt delmål om at 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skulen, jamfør nasjonale mål. Tilhøyrande strategi/tiltak kan omhandle konkrete kampanjar for å oppnå dette.</li> <li>• Dei viser til at ein del barnehagar og skular i Hordaland ligg i støyutsette område og område med lokal luftforureining. Delmål 3.1. vert difor føreslått supplert med «og uteareal», slik at det blir: «Barnehagar og skular skal ha helsevenlege og gode bygg og uteareal.»</li> <li>• Strategi 3A bør og omfatte kartlegging av om uteoppfallsarealet oppfyller krav knytt til støy og luftforureining. I råd bør ein og rå til at det vert sett i verk tiltak for å oppfylle krava når dei ikkje er møtt, i tillegg til å rå til kartlegging av dette.</li> <li>• I punkt 4.2.1 bør det også innarbeidast krav om tilrettelegging for sykkel på arbeidsplassar i samband med lokal og regional næringsutvikling.</li> <li>• Iverksetting av konkrete tiltak for å stimulere til meir gåing og sykling som del av dagleg transport bør vurderast som ein ny befolkningsretta strategi knytt til delmål 5.2.</li> </ul>	<p>Framtidig partnerskap skal konkretisere tiltak i framtidige handlingsprogram.</p> <p>Råd og forslag rettar seg i første rekkje mot kommunane, men og andre aktørar der det er relevant.</p> <p>Tekst i tema 2 er endra. Utarbeiding av mobilitetsplanar er lagt inn i råd og forslag. Strategi 2 C: <i>Bidra til ein offentleg infrastruktur som gjer at fleire kan velje sykkel gang og kollektivtransport framfor personbil.</i></p> <p>Dette er innarbeidd</p> <p>Dette blir iverteke av strategi 2C.</p> <p>Denne er innarbeidd i delmål 3.6</p> <p>Dette er innarbeidd</p> <p>Framlegget om å legge inn uteområde når det gjeld kartlegging, er innarbeidd</p> <p>Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag for å stille krav om dette. Reisevanar ligg i mobilitetsplan for HFK og i råd for kommunar knytt til strategi 4E.</p> <p>Tiltak til gåing og sykling ligg fleire stader. Framtidig partnerskap skal konkretisere tiltak i framtidige handlingsprogram knytt til tiltak 5.2.1.</p>
--	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planretningsline 1.1 framhevar samfunnsdelen av kommuneplanen som særleg viktig for folkehelsa. SVV vurderer den fysiske planlegginga som skjer i arealdelen av kommuneplanen som svært viktig for folkehelsa, og rår til at setninga som framhevar samfunnsdelen som særleg relevant anten vert strøken eller at ordet samfunnsdel vert fjerna.</li> <li>• Planretningsline 1.3 blir føreslått supplert: Ved planlegging av sentrumsområde i byar og tettstader skal omsyn til universell utforming og <i>tilrettelegging for gåing, sykling og kollektivtransport</i> leggest til grunn.</li> <li>• Nytt punkt 1.4. som stiller krav om at samfunns- areal- og transportplanar skal ha eit klårt folkehelseperspektiv, og at desse planane har føresegnar som sikrar grunnlaget for god folkehelseutvikling</li> <li>• I planretningsline 2.1 bør «gang eller sykkelavstand» bli erstatta med «eit godt gang- og sykkeltilbod».</li> <li>• Planretningsline 2.1 : «Vidare rår dei til å leggje til: <i>«Tilrettelegging for transport av skuleborn med privatbil bør avgrensast.»</i></li> </ul>	<p>Denne er endra til at kommuneplanen er særleg relevant, både samfunnsdelen og arealdelen.</p> <p>Dette er dekkja andre stader, og difor er det ikkje endra.</p> <p>Fylkesrådmannen rår til å halde på opphavleg formulering, som er meir konkret.</p> <p>Fylkesrådmannen rår til å halde på opphavleg formulering, då det særleg er viktig å prioritere tiltak i nærmiljø.</p> <p>Fylkesrådmannen meiner dette ikkje er ein planretningsline. Eventuelle tiltak på dette området må innarbeidast i seinare rulleringar. Sjå strategi 2C og delmål 3.6.</p>
<p><b>29.</b></p> <p><b>Universitetet i Bergen</b></p>	<p>Høyringsinstansen vurderer høyringsutkastet som positivt og godt forankra i sentrale offentlege dokument. Temaområda er sentrale og viktige. Delmål og strategiar verkar svært relevante.</p> <p>Trekkjer fram følgjande punkt som positive:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Satsinga på sosial inkludering og utjamning av sosiale ulikskapar</li> <li>• Satsinga på universell utforming</li> <li>• Satsinga på barn og unge.</li> <li>• Innsats for å auke gjennomføringa i vidaregåande skule</li> <li>• Oppretting av barne- og ungdomsråd</li> <li>• Innsats for eit bredt og godt forankra partnerskap i folkehelsearbeidet.</li> </ul> <p>Peikar også på at UiB sine aktuelle fagmiljø med kunnskap om folkehelse</p>	<p>Vert teke til etterretning.</p>

	er viktig samarbeidspart.	
<b>30. Velferdstinget i Bergen</b>	<p>Velferdstinget ber om at sjølv om studentar delvis fell innanfor dei andre gruppene som handlingsplanen handsamar, så bør fylkeskommunen i større grad sjå på studentar som ei eiga gruppe, som ofte fell mellom barndomsheim og arbeidsliv. Det blir peika på at dette også vart spela inn som høyringsfråsegn til Planprogrammet i 2011.</p> <p>Velferdstinget meiner planen inneheld mange gode tiltak. Men ønskjer at planen i større grad synleggjer studentane sine høve særleg knytt til bustad og transport, og fysisk og psykisk helsetilstand.</p> <p>Velferdstinget har følgjande innspel til utdjuping av planen under tema 2:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkeskommunen bør ha ei meir aktiv rolle for å leggje til rette for bygging av fleire studentbustader, noko som bør kome meir fram i planutkastet.</li> <li>• Fylkeskommunen bør i større grad fremje sykkel og gange som føretrekte transportmiddel - gjennom utbygging av sykkelveggar og tilrettelegging for sykkelparkering ved knutepunkt. Prioritere dette også til høgare utdanningsinstitusjonar.</li> </ul>	<p>Det er innarbeida ein ny strategi 3 F om overgangar mellom ulike nivå i utdanningsløpet.</p> <p>Regional plan for folkehelse er ein overordna plan som i lita grad går inn på spesifikke grupper. Det vil likevel vere slik at framtidig partnerskap for folkehelse må ta stilling til konkrete tiltak i handlingsprogrammet.</p> <p>Bustader for studentar er eit viktig tema, men fell utanfor rammene av denne planen.</p> <p>Teke inn forslag om ny strategi 2 C som også vil dekkje studentar som gruppe.</p>